



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2016-2019

**ÅRSBUDSJETT 2016
ØKONOMIPLAN 2017-2019
Kommentarer og tal**



Kommunestyret sitt vedtak

PS x i kommunestyret x

- Vedtaksheftet viser den politiske handsaming og endeleg vedtak -

Innhold

1	Rådmannen si innleiing:	3
1.1	Kommunen som samfunnsutviklar:	3
1.2	Kommunen som tenesteprodusent:	3
1.3	Kommunen som arbeidsgjevar:	4
1.4	Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:	4
1.5	Viktige suksessfaktorar:	5
1.6	Rådmannen sine framlegg til tiltak	5
2	Rammevilkår og prioriteringar	6
2.1	Budsjettprosessen	6
2.2	Finansielle nøkkeltal	7
2.3	Demografi og folketal:	9
2.4	Hovudprioriteringar:	10
3	Økonomiske perspektiv	12
3.1	Finans	12
3.2	Pensjonskostnader	13
3.3	Eigedomsskatt	14
3.4	Statsbudsjettet	15
3.5	Finansiering av kommunesektoren (2011).....	15
4	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2017 – 2019 Drift.....	17
4.1	Driftsbudsjett	17
5	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2017 – 2019 Investering..	22
5.1	Investeringsbudsjett	22
6	Sektor for sentraladministrasjonen.....	26
6.1	Sektorstruktur.....	26
6.2	Årsverk og driftstiltak.....	27
6.3	Investering	30
6.4	Overordna målsettingar	32
7	Sektor for oppvekst	37
7.1	Sektorstruktur.....	37
7.2	Årsverk og driftstiltak.....	38
7.3	Investeringar	42
7.4	Overordna målsettingar	44
8	sektor for velferd	46
8.1	Sektorstruktur.....	46
8.2	Årsverk og driftstiltak.....	47
8.3	Investeringar	50

8.4	Overordna målsettingar	53
9	Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	57
9.1	Sektorstruktur.....	57
9.2	Årsverk og driftstiltak.....	57
9.3	Investeringar	59
9.4	Overordna målsettingar	60
10	Sektor for kommunalteknisk drift	62
10.1	Sektorstruktur.....	62
10.2	Årsverk og driftstiltak.....	63
10.3	Investeringar	64
10.4	Overordna målsettingar	67

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING:

Etter planen skal budsjettåret 2016 vere det siste året kommunen før kommunen igjen kan bli meldt ut av ROBEK – registeret. Om det vil gå slik, veit vi ikkje enno. Det vil mellom anna avhenge av gode politiske vedtak i dei viktige strategiske sakene og det vil avhenge av at kommunen også i fortsettinga kan levere dei rette tenestene med like god produktivitet som det har vore gjort dei siste åra. I tillegg vil det ikkje minst avhenge av at eksterne og ikkje-påverkelege faktorar på finans- eller tenesteområdet, ikkje påfører kommunen byrder som sjølv ikkje den strengaste økonomistyringa kan gjere noko med.

Situasjonen er såleis enno utfordrande, både for politikarane og tilsette i Hareid kommune. Men langsiktig og målretta arbeid, har så langt resultert i at kommunen for kvart år sidan 2010, har forbetra dei økonomiske resultata. Utfordringa er fortsatt å syte for at tenesteproduksjonen i handlingsprogramperioden, og då primært i den perioden då tidlegare års underskot skal dekkast inn, ikkje vert for sterkt skadelidande. Denne oppgåva er krevjande at ein har sett at utviklinga av Hareidsamfunnet har vorte hemma i dei siste åra. For det er vanskeleg å drive eit godt utviklingsarbeid, samstundes som ein skal dekke inn tidlegare driftsunderskot.

Rådmannen leverer også denne gongen eit saldert budsjett i balanse, slik kommunelova krev. Men det har vore ekstra krevjande dette året. Rådmannen har vore svært nøktern i høve godkjenning av nye drifts- og investeringstiltak.

På driftssida vart i hovudsak berre dei tiltaka som ein veit vil kome uansett, prioriterte av rådmannen. Men sjølv desse tiltaka, måtte i hovudsak finansierast av kutt i andre tenester. Så driftsbudsjettet er svært stramt.

På investeringssida har det vore omsynet til storleiken på lånegjelda og omsynet til fylkesmannen si restriktive linje i høve godkjenning av låneramme, som har vore styrande. Og ikkje minst har vi tatt omsyn til at oppbygging av lånegjeld vil få ein direkte konsekvens i driftsrekneskapen i form av auka finanskostnader. Den einaste måten kommunen kan finansiere auka driftskostnader på eitt område på, er å kutte på andre område. Det skulle ha vore investert i fleire prosjekt, men sånn er situasjonen.

1.1 Kommunen som samfunnsutviklar:

Kommunen har ei viktig rolle som utviklar av Hareidsamfunnet. Noko av dette speglast direkte av budsjett og handlingsprogram, eksempelvis gjennom løyvingar til viktige samfunnsmessige funksjonar som skule, barnehage, helse, omsorg og teknisk infrastruktur. Men også gjennom vårt arbeid elles, som tenesteprodusent, og gjennom det å vere ein stor arbeidsgjevar i kommunen, vert vi ein viktig premissleverandør til samfunnsutviklinga.

Som rådmann er det mitt mål, trass i dei avgrensingane som økonomien vil sette, at kommunen skal vere ein utviklar, ein tilretteleggar og ein samarbeidspartner for resten av Hareidsamfunnet. Gjennom samspel mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar og anna frivillig arbeid, kan gode løysingar skapast.

1.2 Kommunen som tenesteprodusent:

Utfordringa framover vert at brukarmedverknad skal bli ein naturleg del av tankegangen til alle oss som er kommunalt tilsette. Berre gjennom å produsere gode tenester, og i godt samarbeid med brukarane våre, kan vi skape legitimitet som organisasjon.

Brukarundersøkingar som metodikk bør innførast, men også dette er eit ressursspørsmål og kan først innførast når det er administrativ kapasitet til det.

Vårt hovudmål er å verte ei endå meir profesjonell og serviceretta kommune. Vidare at kvar einskild tilsette gir ei kvalitativt god teneste i dei daglege møta med brukarane i kommunen.

1.3 Kommunen som arbeidsgjevar:

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs og skal ha fokus i høve dette. Rådmannen erfarer at mange tilsette i kommunen opplever høg grad av belastning i arbeidet i ein krevjande kvardag. Det vil være ei målsetting å møte denne utfordringa med ein aktiv personalpolitikk og god leiing.

Utfordringa framover finn vi først og fremst på to felt:

- Dei tilsette må få gode mulegheiter til å utvikle seg i jobben sin. Dette inneberer både å legge til rette for kompetanseutvikling, men og til å organisere tenesta slik at ein får interessante arbeidsoppgåver og variasjon i dagane. Dette vil være eit svært viktig konkurransefortrinn for å kunne rekruttere og halde på fagfolk framover.
- Fokus på grad av nærvær i arbeidet må fortsatt aukast. Høgt sjukefråvær kostar både økonomisk og menneskelig og det ligg ei betydeleg oppside i det å arbeide for å legge til rette for at dei tilsette skal trivast i arbeidet, slik at terskelen for å vere borte frå arbeidet skal kunne hevast. Alt sjølv sagt, slik at dei rette omsyn, både til den tilsette, dei nære kollegaene og brukarane, vert tekne i vare. Dersom ein manglar fokus på dette viktige området, kan ein elles erfare ein vond sirkel, der presset på dei som er tilbake på jobb, blir så stort at og dei vil stå i fare for å verte sjukmelde. Arbeidet med fortsatt fokus på nærvær vert forsterka. Metodikk for systematiske medarbeidarundersøkingar skal innførast så snart det er administrativ kapasitet til det.

1.4 Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:

Mål 1 - Hareid ut av ROBEK. Få balanse mellom budsjett og rekneskap – betre økonomistyring.

- Ein vil i arbeidet med budsjettkontrollane både ha fokus på kortsiktige tiltak som kan ta ned kostnadane, og på sterk kostnadskontroll, slik at ein ikkje får overraskingar på slutten av året. Vi har lukkast med dette, men er svært sårbare for uføresette hendingar, og / eller hendingar vi ikkje kan påverke. Vi er likevel glade for at økonomifunksjonen no vert styrka ved at ny økonomileiar kjem på plass innan utgangen av 2015. I lengre tid har kommunen vore utan denne viktige ressursen og det har vore svært krevjande for rådmannen og fleire andre, som har fått ei ekstra arbeidsbelastning over lengre tid. Men vi har tatt i bruk eit nytt budsjettssystem hausten 2015. Dette har medverka til at kvaliteten på det ferdige budsjettet har blitt betra med fleire hakk. På nyåret vil vi nytte det nye budsjettssystemet i økonomirapporteringa og det er venta at vi også der vil sjå ei kvalitetsauke.
- Mål 2 – Starte oppbygging av disposisjonsfond i handlingsprogramperioden 2017 – 2019 og legge grunnlaget for driftsmessig rom for eigenkapital til investeringar i framtida, samt å legge grunnlag for ein økonomisk buffer i driftsbudsjettet. Oppbygging av disposisjonsfond kan ikkje starte før akkumulert meirforbruk er dekt inn.
- Som ROBEK-kommune er jobb nummer ein å oppnå berekraftig økonomisk balanse. I ein slik situasjon ligg normalt oppbygging av vesentlege disposisjonsfond eit stykke inn i framtida. Men når meirforbruket frå tidlegare år er dekt inn, er det avgjerande at ein opprettheld eit overskot, slik at ein har økonomisk handlefridom framover. Dette vil på sikt, både kunne bidra til at låneopptak vert reduserte (ved at en har eigenkapital til investeringar), og at ein har økonomisk buffer til å takle uføresette

situasjonar. Gitt Hareid kommune sin situasjon er dette ei langsiktig oppgåve. I handlingsprogramperioden vert det, i rådmannen sitt framlegg, lagt opp til at ein ikkje skal auke lånegjelda i den perioden kommunen er i ROBEK. Dette vil lett kunne føre til eit akkumulert investeringsbehov, som nok vil vise igjen i første året etter at akkumulert meirforbruk er dekt inn

- Mål 3 – utvikle styringsdokument som sikrar måloppnåing av dei økonomiske måla, nemnt ovanfor.
- Budsjett og handlingsprogram bør spegle dei reelle utfordringane. Grunna dei vanskelege økonomiske rammevilkåra ser ein ofte at dei same tiltaka vert melde inn år etter år. Ofte er dette reelle og allereie etablerte innsatsfaktorar, som ein i ein viss grad ikkje kan velje bort. Og det som ikkje kan veljast bort i den verkelege drifta, bør ein heller ikkje velje bort i budsjettarbeidet. Resultatet blir i så fall eit lite realistisk budsjett og eit skeivt bilete av dei verkelege utfordringane. Så langt som muleg, har ein forsøkt å etterleve dette prinsippet i styringsdokumentet som no vert lagt fram

1.5 Viktige suksessfaktorar:

Skal ein lykkast med å få økonomien på fote, må ein ha dei tilsette med i prosessen. Det er naudsynt å få til samarbeid og samhandling, både på forslag til tiltak, og i gjennomføringa av tiltak. Vi må få til gode prosessar, med medverknad på alle nivå, det være seg i politiske fora, i møte mellom rådmannen og hovudtillitsvalde, og ute i den einskilde eininga.

Leiing er eit område av kritisk art, og det er heilt naudsynt å ha fokus på leiing om ein skal lykkast med å drifte Hareid kommune på ein best muleg måte. Det skal leggjast opp til å etablere eit heilskapeleg styringssystem der resultatbasert leiing er grunnpilaren. For å få til det må ein etablere tette rapporteringar frå den einskilde eininga, og at einingar med særskilte utfordringar følgjast tett opp frå rådmannens si leiargruppe. Tydelege, resultatfokuserte og tilstadeverande leiarar vert eit sentralt punkt.

Rådmannen ynskjer å rose fagforeiningane, for at dei både stiller opp i prosessar, og bidrar konstruktivt til dei gode løysingane.

Og ikkje minst: Vi må jobbe både kort- og langsiktig. Det tar tid å gjennomføre større tiltak, og i mellomtida må vi leve med stramme budsjett. Målet er at dei tiltaka vi gjennomfører skal gi effekt etter kvart.

1.6 Rådmannen sine framlegg til tiltak

Rådmannen har i sine framlegg til budsjett, hatt fokus på utvikling av Hareid kommune, innanfor dei økonomiske rammene og det regimet som eksisterer i ROBEK. Dette er avgjerande for at Hareid kommune skal kunne leve med og med tida kome ut av ROBEK, samstundes som kommunen skal vere ein god plass å bu i. Det er krevjande å være offensiv i utbygging av nødvendig infrastruktur og samtidig redusere kommunen sitt driftsnivå for å kunne etablere ein berekraftig økonomi.

På driftssida har det på langt nær vore muleg å ta omsyn til alle innmelde tiltak. Og det skal ein nok heller ikkje gjere. Ein har difor vald å i hovudsak inkludere det som handlar om oppretting av feilbudsjetteringar samt dei høva der ein veit at kostnadane vil kome likevel. Trass i dette vil ein i nokre budsjettår oppleve at behovet for driftsmidlar vil sprengje inntektsramma. Dette er det ikkje høve til og det må følgjeleg skje eit kutt slik at kostnader og inntekter samsvarar.

2 RAMMEVILKÅR OG PRIORITERINGAR

2.1 Budsjettprosessen

Hareid kommune har rammebudsjettering på både politisk og administrativt nivå. Kommunestyret vedtar budsjettamme på kvar sektor og på kvar driftseining i sektorane. Det har dei siste åra vore gitt opning for at sektorleiar (kommunalsjef / rådmann) kan gjere naudsynte justeringar mellom driftseiningane i sin sektor, men då innanfor totalramma til sektoren. Rådmannen gjer detaljbudsjettering på dei einskilde budsjettpostane og dei budsjettansvarlege har mynde til å gjere justeringar mellom budsjettpostar innanfor si eiga driftsramme. Dette er med på å fremje ansvarlegheit hjå dei einskilde leiarane og gi eit godt grunnlag for at einingsleiaren får eit eigartilhøve til sitt ege budsjett.

Budsjettprosessen har vore noko annleis ved dette høvet enn tidlegare. Hovudårsaken er at vi har teke i bruk eit nytt budsjettssystem som endrar mykje på rammevilkåra for den tekniske delen av prosessen. Ein får langt betre oversyn, heilt ned på individnivå og ein får betre mulegheiter til å gjere relevante søk for analyseføremål. Ein har difor fått høve til å korrigere for ein del manglar ved tidlegare budsjettering og budsjettdokumentet står no fram, som eit betre styringsdokument enn tidlegare. Etter at grunnlagsdokumentet, det konsekvensjusterte budsjettet ligg føre, vil alle endringar ein gjer vise direkte på eininga og på kommunen si botnline. Driftskonsekvensar av eventuelle nye investeringsprosjekt vil også førast direkte til botnline i driftsbudsjettet.

Det har vore ein krevjande budsjettprosess. Dette skuldast ikkje innføringa av det nye budsjettprogrammet, isolert sett. Det er snarare ein kombinasjon av at det nye budsjettprogrammet synleggjer budsjettutfordringane i langt større grad, samt det at ein no ser eit stadig aukande sprik mellom synleggjort behov og tilgjengelege midlar. Alt av kjende positive potensiale er no henta ut i salderinga av budsjettet, men budsjettet er likevel svært stramt. Rådmannen vil framhalde at marginane er på kanten av det tilrådelege og at det er på høg tid at det vert utarbeidd politikk, som adresserer dei reelle utfordringane på ein betre måte. Dei driftsmessige potensiala er marginale eller fråverande, noko som også Kostraanalyse nedanfor gir indikasjonar om. Kommunen har langt lågare inntekter enn samanliknbare kommunar, men det er høg grad av produktivitet i drifta. Grafane nedanfor synleggjer og at kommunen prioriterer noko ulikt mellom tenesteområda, samanlikna med andre. Kommunen står fritt til å gjere det. Men slik situasjonen er no, har politisk nivå svært lite handlingsrom. Men politisk har og mulegheita til å gjere noko for å auke det politiske handlingsrommet. Rådmannen har til dømes ikkje gjort framlegg om å auke eigedomsskatten denne gongen. Men det vil vere fullt muleg å skaffe kommunen større inntekter til drift av tenestene ved å auke eigedomsskatten. Kor vidt prinsippet med å nytte eigedomsskatt som inntektskjelde i større eller mindre grad er rett eller galt, er meir eit politisk spørsmål, men det er ei kjensgjerning at kutta i drifta hadde vore enda større om rådmannen måtte ha saldert budsjettet utan inntektene frå eigedomsskatten. Rådmannen har heller ikkje tatt initiativ til å gjere framlegg om strukturendringar i oppvekstsektoren, då dette til no har mangla forankring i kommunestyret. Men også her ligg det mulegheiter for å auke det økonomiske handlingsrommet for politikarane. Slik stoda er no har ikkje rådmannen anna val enn å legge fram eit handlingsprogram med kutt i alle tenesteområde etter at naudsynte nye tiltak er tatt inn i budsjettet.


2.1.1 Kostraanalyse:

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Ein finn tall om til dømes pleie- og omsorgstenester, barnehagedekning og sakshandsamingstid, og ein kan samanlikne kommunar med kvarandre, med regionale inndelingar og med landsgjennomsnittet. Dei 428 kommunane er grupperte i 16 grupper, etter folkemengd og økonomiske rammevilkår.

2.2 FINANSIELLE NØKKELTAL


Finansielle nøkkeltal i Kostra gir eit oversyn over dei viktigaste finansielle rammevilkåra og dei viktigaste resultatindikatorane på eit overordna nivå. Nøkkeltala syner ein status og ei utvikling, men er i seg sjølv ikkje tilstrekkelige til å seie noko om kvifor situasjonen er slik han er. Dette fordrar meir inngående kjennskap til databasen, samt ein meir djuptpløyande analyse. Dei finansielle nøkkeltala er likevel gode indikatorar i høve det å kunne orientere seg om korleis kommunen sin situasjon er i høve andre kommunar og i høve objektive økonomiske måleparametar. Av omsyn til god oversikt vert berre grafane presenterte.

Brutto driftsinntekter per innbyggjar




Brutto driftsinntekter er dei samla kommunale driftsinntektene, og inkluderer alt frå skatteinntekter og rammetilskot til alle slags sals- og leigeinntekter. Hareid kommune er ei låginntektskommune og har, som ein kan sjå, kr 5000 mindre i brutto driftsinntekt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Basert på 5100 innbyggjarar svarar det til om lag 25,5 mill. kroner på heile befolkninga. Samanlikna med Kostragruppe 1 er skilnaden på om lag 46 mill. kroner.

Frie inntekter per innbyggjar




Frie inntekter er summen av rammetilskot, eigedomsskatt og inntektskatt. Etter at eigedomsskatt med skattesats 2 promille vart innført, har kommunen kome opp på landsgjennomsnittet. Skilnaden i høve Kostragruppe 1 er på om lag 15 mill. kroner, når ein baserer det på ei befolkning på 5100 personar.

Brutto driftsutgifter per innbyggjar




Brutto driftsutgifter er dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivningar. Brutto driftsutgifter per innbyggjar i kommunen viser einheitskostnaden ved den totale kommunale verksemda og kan være ein produktivitetsindikator. Figuren indikerer såleis at kommunen har høg produktivitet. Samanlikna med landsgjennomsnittet har kommunen ei brutto driftsutgift, som er om lag 25,5 mill. kroner lågare enn landsgjennomsnittet. Samanlikna med vår eigen Kostragruppe er skilnaden på om lag 50 mill. kroner, når ein baserer seg på ei befolkning på 5100 innbyggjarar.

Brutto resultatgrad




Brutto driftsresultat er resultat *før* dekning av kommunen sine rente- og avdragsutgifter, inntekter i form av utbytte og renter, samt eventuelle avsetninger og egenfinansiering av investeringar. Avskrivningar påverkar også brutto driftsresultat. Omgrepet kan i stor grad samanliknast med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med rekneskapsplikt etter rekneskapslova. Brutto gjeldsgrad syner kor stor del brutto driftsresultat utgjer av driftsinntektene.

Netto renter og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter




Denne grafen syner at kommunen sine nettokostnader til rente og avdrag har vore fallande. Dette er ein kombinasjon av at kommunen har makta å få til ei tilnærma «frysing» av lånegjelda, samstundes som det generelle rentenivået har gått nedover.

Netto resultatgrad




Netto driftsresultat brukast av Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) som ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat er eit mål på kor mykje kommunane sit igjen med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene uttrykker netto resultatgrad kor stor del av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunane kan disponere til avsetningar og investeringar.

Brutto gjeldsgrad




Brutto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige gjeld, inkl. pensjonsforpliktingar, utgjer av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel.

Netto gjeldsgrad



Netto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige gjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar, utgjer av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel.

Arbeidskapital ex premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter




Arbeidskapital definerast som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Arbeidskapitalen uttrykker derfor den delen av omløpsmidlane som er finansierte med langsiktig kapital (langsiktig gjeld og egenkapital). Med likviditet meinast evne til å betale forpliktingane etter kvart som de forfell. Premieavvik vil vere ei kunstig inntekt og vert difor halden utanfor i berekninga.


2.3 DEMOGRAFI OG FOLKETAL:

Desse grafane vert tatt med for å syne korleis den aldersmessige samansetninga har variert i befolkninga over tid. Desse faktorane påverkar mellom anna storleiken på rammetilskotet til kommunen. Då basert på siste relevante statistikk. Prognoser for framskriving av folkemengda kan elles vere viktige med omsyn til den langsiktige planlegginga i høve kommunen sitt framtidige tenestetilbod.


Andel folkemengde 0 til 5 år




Andel folkemengde 6 til 15 år




Andel folkemengde 16 til 66 år




Andel folkemengde 67 til 79 år




Andel folkemengde 80 år og over



Netto befolkningstilvekst




Andel netto driftsutd. Grunnskuleopplæring av netto driftsutg. i alt



2.4 HOVUDPRIORITERINGER:


Grafane ovanfor har synt nokre viktige økonomiske rammevilkår som inntekts- og utgiftsnivå, gjeldsgrad, produktivitet, økonomiske resultat, samt demografiske utviklingstrekk. Grafane nedanfor syner korleis kommunen prioriterer mellom tenesteområda, samanlikna med eit relevant utval. Grafane seier ingenting om kvifor det er slik. Ein kan heller ikkje sjå om «det har blitt slik» eller om det er politisk styrt ut frå lokale føresetnader. Grafane seier altså litt om kor stor del av det økonomiske «kakestykket» netto driftsutgifter, som delast ut til det enkelte tenesteområdet, men ingenting om kvaliteten i tenestene

Andel netto driftsutg. pleie og omsorg av netto driftutg. i alt




Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som m.a. inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekt frå. Dei resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten mv. Netto driftsutgifter pr. innbyggjar kan vere en prioriteringsindikator.

Andel netto driftsutg. sosialtj. og barnevern av netto driftsutg. i alt




Grafane vert synte utan separate kommentarar.


Andel netto driftsutg. barnehage av netto driftsutg. i alt



Andel netto driftsutg kultur av netto driftsutg i alt



Andel netto driftsutg. kommunehelse av netto driftsutg. i alt



3 ØKONOMISKE PERSPEKTIV

3.1 Finans

3.1.1 Økonomiske nøkkeltal


(kjelde: Finansrapport pr. 31. okt. 2015 – Bergen Capital Management)

Nøkkeltal		Forklaring
Total lånegjeld	Kr. 333 357 513	Viser samla lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer startlån i Husbanken, lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt og verdipapirmarknaden.
Durasjon	1,17	Måltallet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlige rentebindingstid. Talet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast, når ein tar omsyn til alle kontantstrømmer (rentebetalningar, avdrag og hovudstol). Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege rentebetalningar har durasjon på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.
Vekta gjennomsnittrente	1,65%	Måltallet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noko. Ved samanlikning mot referanserente må det takast omsyn til durasjon og rentesikringsstrategi.
Kapitalbinding	3,17 ÅR	Måltallet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlige kredittbinding. Talet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt. Jo høgare tal, desto mindre refinansieringsrisiko har kommunen når alt anna er likt.


3.1.2 Fordeling rentebinding

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Lån med fast rente:		
Rentebinding > 1 år	138 133 778	41,44 %
Rentebinding < 1 år	137 924 547	41,37 %
Sum rentebinding	276 058 325	82,81 %
Flytende rente (p.t. vilkår)	57 299 188	17,19 %
SUM	333 357 513	100,00 %

Fordeling




3.1.3 Utvikling i gjennomsnittrente



Porteføljen og marknadsrenter (Rentene er justerte for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)

3.1.4 Utvikling av lånegjeld



Hareid kommune nyttar ekstern finansrådgjevar og mottar månadlege finansrapportar. Strukturen på låneporteføljen samt behov for refinansiering av eksisterande lån vert bestemt på bakgrunn av råd frå den eksterne rådgjevaren. Strategien har vore å sikre den lågast mulege lånerenta til ein kvar tid, utan å gjere kompromiss i høve risikoen.

Gjennomsnittrenta har vore jamt fallande gjennom heile budsjettåret.

Med omsyn til utviklinga i lånegjelda er det verdt å merke seg at avdrag på lån vil gå til frådrag og at ein kan forvente at lånegjelda vil ligge nærare januarnivå enn oktobernivå ved rekneskapsavslutting.

Som ein kan sjå av grafisk framstilling i KOSTRA-analyse i tidlegare kapittel, har Hareid kommune eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet og ei lånegjeld i kr/innb., som ligg vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. Rådmannen meiner at dette tilseier at kommunen bør vise varsemd med å legge opp til ytterlegare auke i lånegjelda, før vi har kome meir på nivå med landsgjennomsnittet. Når vi har eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet og eit nivå på lånegjelda som ligg vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet, fører dette til at Hareid må bruke ein forholdsvis større del av sine frie inntekter til kapitalkostnader enn det eit fleirtal av norske kommunar gjer. Dermed vert det tilsvarende mindre disponible frie inntekter for bruk til velferdsgode på driftssida.

Varsemdsprinsippet er følgt i rådmannen sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram, så langt ein finn det muleg, på den måten at ein ikkje legg opp til høgare låneopptak i gjennomsnitt i handlingsplanperioden, enn det ein betalar i avdrag. På den måten held ein lånegjelda på tilsvarende same nivå som i dag.

3.2 Pensjonskostnader

Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere å redusere amortiseringstida for premieavvik oppstått i 2014 og seinare til sju år. Dette vil i så fall få rekneskapsmessig verknad frå rekneskapsåret 2015. Det betyr i praksis at kommunen sin rekneskapsførte pensjonskostnad vil auke i åra som kjem. Pensjonskostnaden er avhengig av ei rekke faktorar, som både er vanskeleg å føreseie og lite påverkelege. Rådmannen har difor ikkje hatt gode indikatorar til at dette tilhøvet kan takast omsyn til på ein sikker måte.

Hareid kommune har prognose på 17 547 649 kr i opparbeidd premieavvik pr. 31.12.2015, noko som altså vil måtte førast som utgift i rekneskapa i åra framover.

Men det kan nemnast at pensjonskostnaden auka med 9,09 % i rekneskapsåret 2014. Hovudforklaringa på dette er mellom anna regelendringar der til dømes småstillingar skal meldast inn og bereknast pensjon av, samt at levealdersjusteringa gjer at vi må sette av meir pengar for framtidige utbetalingar. Til sist nemner leverandørane at myndigheitskrav fortsatt fører til at det må gjerast avsetningar i forhold til soliditet.

Rådmannen har ikkje lagt inn ytterlegare vekst i pensjonskostnader i økonomiplanperioden, men føresett at dette eventuelt blir kompensert gjennom rammetilskotet.

KOMMUNAL PENSJONSKASSE (KLP)	31.12.2014	31.12.2013	Endring	Auke %
Netto pensjonskostnad	16 672 273	14 787 033	1 885 240	
	274 106	245 308		
Pensjonsmidlar	169	870		
	336 982	309 350		
Pensjonsforplikting	635	866		
Premieavvik	6 698 049	2 164 636		
Akkumulert premiavvik	21 224 044	16 405 939		
Kjøp av egenkapitalandelar i året	691 232	601 117		
Samla egenkapitaltilskot	7 098 911	6 407 679		
STATENS PENSJONSKASSE (SPK)	31.12.2014	31.12.2013		
Netto pensjonskostnad	5 009 115	5 088 414	-79 299	
Pensjonsmidlar	54 162 019	53 622 787		
Pensjonsforplikting	74 712 208	75 883 166		
Premieavvik	-491 752	-749 737		
Akkumulert premiavvik	-2 719 014	-2 488 191		
	21 681 388	19 875 447	1 805 941	9,09

3.3 Eigedomsskatt

Hareid kommune innførde eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom, i 2014. Kommunen nytta skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi i høve bustader, mens dei andre skatteobjekta vart takserte av kommunen sjølv. Det å kunne nytte skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi inneber at det vert enklare for kommunane, og gjer også at klagehandsaminga i høve dette grunnlaget, vert ei sak mellom innbyggjar og likningsmyndigheiter. Skattesatsen på 2 promille vart vidareført på same nivå i 2015 og rådmannen har for budsjett- og handlingsprogramperioden 2016 – 2019 lagt til grunn at skattesatsen skal vere uendra. Det vert difor budsjettert med berre små justeringar i inntektene frå eigedomsskatten og dette som følgje av at skatteetaten sine likningsverdiar vert prisjusterte frå år til år.

Dersom kommunen på eit tidspunkt skulle velje å innføre eigedomsskatt også på verk og bruk eller vedta høgare skattesats, vil inntektspotensialet auke monaleg, men det har ikkje vore gjort berekningar i høve dette.

3.3.1 Eigedomsskatt i kommunane

I følgje SSB er det i skrivande stund 355 av Norges 428 kommunar som nyttar seg av eigedomsskatt. Av desse har 221 kommunar eigedomsskatt i heile kommunen, mot 199 kommunar i fjor. Kommunane fikk til saman meir enn 9,6 milliard kroner i inntekt frå denne skatten i 2014. Dette er ei auke på om lag 8 prosent frå 2013.

3.4 Statsbudsjettet

Rådmannen gjer her kort greie for nokre av føresetnadane som ligg til grunn for regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Rådmannen har ikkje vurdert eventuelle forslag til endringar i Prop.1 og om kor vidt dette vil kunne få konsekvensar for kommunen sine rammevilkår. For Hareid kommune er det anslått at den korrigerte veksten i frie inntektene vil vere på 4,2 % frå 2015 til 2016. (Grønt hefte 2016). Denne veksten skal dekke kommunen si auke i kostnader til lønsvekst, pensjonskostnader, fleire innbyggjarar m.m.. Inntektssystemet er elles uendra, med unntak berekning av veksttilskotet. Innslagspunktet for å kvalifisere til veksttilskot er no redusert frå 1,6 % vekst i 2015, til 1,5 % vekst i 2016. Men det er også denne gongen, som alltid, gjort ein del innlemmingar og korreksjonar i rammetilskotet. Innlemminga for 2016 er at kompensasjon for augeblikkeleg hjelp døgnopphald, no er teke inn i rammetilskotet. Korrigeringar er det fleire av. Alt for mange til at vi kan omtale dei her, men den største enkeltkorreksjonen kan nemnast. Dette gjeld overføring av skatteinnkrevjarfunksjonen til staten, noko som fører med seg at det vert gjort eit frådrag i rammetilskotet til kommunane. For meir detaljar vert det å vise til Grønt hefte 2016 og i nokon grad til sektorkapitlet i handlingsprogrammet. Veksten i frie inntekter vil omtrent kunne finansiere løns- og prisstigninga, men ut over dette vert det lite rom for nye tiltak på basis av framlegget til statsbudsjett

3.5 Finansiering av kommunesektoren (2011)


Hovudkjeldene for finansiering av kommunesektoren er skatteinntekter, overføringar frå staten og gebyrinntekter. Skatteinntekter er den største inntektskjelda. I hovudsak er dette inntektsskatt frå personlege skattytarar i kommunen. I tillegg kjem eigedomsskatt, som kommunane kan vedta på frivillig basis, og skatteinntekter frå kraftproduksjon. Stortinget vedtek skattereglane som definerer skattegrunnlaget for kommunesektoren. Skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattytarar blir fordelt mellom staten, kommunane og fylkeskommunane. Fordelinga mellom dei tre forvaltningsnivåa blir bestemt av den kommunale og fylkeskommunale skattøyren, ein fordelingsnøkkel som årleg blir fastsett av Stortinget i samband med handsaminga av statsbudsjettet.

Overføringane frå staten kan delast inn i to hovudkategoriar: rammetilskot og øyremerkte tilskot. Rammetilskot skal tildelast kommunesektoren utan andre vilkår enn det som følgjer av krav til oppgåveløysinga i lov og forskrift. Det inneber at kommunane kan gjere eigne prioriteringar for bruken av rammetilskot. Rammetilskota blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Saman med skatteinntektene utgjer rammetilskot *frie inntekter* for kommunesektoren.

Til øyremerkte tilskot er det knytt vilkår om at midlane skal brukast til nærare bestemte føremål. Øyremerkte tilskot blir løyvde over budsjettet til dei ulike fagdepartementa, avhengig av kva for saksområde tilskotet gjeld.

Gebyrinntekter er betaling frå innbyggjarane i kommunen knytte til kommunale tenester, som til dømes barnehagar, pleie- og omsorgstenester og tekniske tenester. Hovudregelen er at kommunen ikkje kan ta meir betalt enn kostnaden ved å tilby tenesta (sjølvkost). Om lag ¾ av dei samla inntektene er skatteinntekter og rammetilskot, medan om lag 15 prosent er gebyrinntekter og liknande. Dei øyremerkte tilskota utgjorde i 2011 fem prosent av

inntektene, mot om lag 12 prosent i 2010. Årsaka til reduksjonen frå 2010 til 2011 er innlemming av øyremerkte tilskot til barnehagar i rammetilskotet.



Kommunane har relativt lite rom for å påverke storleiken på inntektene. Eit viktig unntak er eigedomsskatten. Gjennom skattereglar og skattøyre, rammeløyvingar og øyremerkte løyvingar fastset staten langt på veg nivået på inntektene til kommunane. Difor er det særskild viktig at det er samsvar mellom dei oppgåvene kommunane har ansvaret for, og dei ressursane som blir stilte til disposisjon. Det gjeldande finansieringsprinsippet er at kommunane skal kompensast fullt ut for meirutgiftene når dei blir tillagde nye oppgåver, og ved endringar i regelverk eller andre endringar som inneber meirutgifter. Tilsvarende skal inntektsrammene til kommunane reduserast dersom dei blir avlasta for oppgåver.

4 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2019 – DRIFT

Rådmannen presenterer her framlegget til driftsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde tiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei driftstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Betalingssatsar ligg føre i separat vedlegg

4.1 Driftsbudsjett

4.1.1 Budsjettskjema 1A

Tal i tusen kroner

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-112 102	-112 100	-134 300	-134 300	-134 300	-134 300
Ordinært rammetilskot	-134 439	-132 700	-127 650	-127 650	-127 650	-127 650
Skatt på eigedom	-4 789	-5 700	-5 800	-5 800	-5 800	-5 800
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0	0	0
Andre generelle statstilskot	-8 642	-8 316	-9 746	-9 746	-9 746	-9 746
Sum frie disponible inntekter	-259 972	-258 816	-277 496	-277 496	-277 496	-277 496
Renteinntekter og utbytte	-2 985	-2 507	-2 507	-2 507	-2 507	-2 507
Gevinst på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter provisjonar og andre finansutgifter	9 110	6 850	5 450	5 450	5 450	5 450
Tap på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	12 094	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000
Netto finansinntekter/-utgifter	18 218	16 343	14 943	14 943	14 943	14 943
Dekning av tidlegar års reknskm meirforbruk	5 077	5 220	5 220	0	0	0
Til bundne avsetningar	1 605	2 573	1 094	1 094	1 094	1 094
Til ubundne avsetningar	0	0	0	3 720	3 720	3 720
Bruk av tidlegare års reknskm mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	-214	0	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	-4 862	-758	-1 592	-1 592	-1 592	-1 592
Netto avsetningar	1 606	7 036	4 722	3 222	3 222	3 222
Overført til investeringsbudsjettet	0	164	0	0	0	0
Til fordeling drift	-240 147	-235 274	-257 831	-259 331	-259 331	-259 331
Sum fordelt til drift frå skjema 1B	238 661	235 274	257 831	259 331	259 331	259 331
Meirforbruk/mindreforbruk	-1 486	0	0	0	0	0

Tabellen er i tusen kroner med løns- og prisframskriving for 2016. Kolonnane for 2017, 2018 og 2019 er i 2016-kroner.

4.1.2 Kommentar til nokre av postane

4.1.2.1 Sum rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Her er tala basert på Grønt hefte i forslag til statsbudsjettet for 2016. For 2017-2019 er nytta same realverdiane som for 2016.

Rammetilskotet framkjem slik i forslag statsbudsjett 2016:

Kommune	Innbyggjar-tilskot	Distrikts-tilskot Sør-Noreg	Nord-Noreg- og Namdals-tilskot	Små-kommune-tilskot	Storby-tilskot	Skjønns-tilskot fordelt av fylkesmannen	Skjønns-tilskot, komp. for endringar i IS	Ramme-tilskot 2016
	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)
1517 Hareid	126 745	0	0	0	0	400	0	127 145

I tillegg er medteke ein føresetnad om 500 tusen kr i tilskot knytta til «Forpliktande plan».

Vidare i Grønt hefte er det slike føresetnader om samla frie inntekter frå rammetilskot og skatt på formue å inntekt:

Kommune	Anslag på frie inntekter 2015	Anslag på oppgåve-korrigerte frie inntekter 2015	Anslag på frie inntekter 2016	Anslag på oppgåve-korrigert vekst 2015-2016	Vekst rekneskap 2015-2016
	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(prosent)
1517 Hareid	250 222	250 859	261 439	10 579	4,2

Dette gjev eit anslag på 134,3 mill. kr i skatt på formue og inntekt inkl. inntektsutjamning.

Grunnen til dei store endringane frå 2015 til 2016, er at i føringane for 2016 er inntektsutjamninga teke med under skatt på formue og inntekt og ikkje under rammetilskotet som i tidlegare år. Dette er gjort for å få same oppsett som i Grønt hefte.

4.1.2.2 Skatt på eigedom

I forslaget er det lagt til grunn same skattesatsen som for 2015 dvs. 2 promille.

Eit anslag på ein auke i likningsverdi med 2,5% på 75% av bygningsmassen, gjev om lag 100 tusen kr meir i inngang enn i 2015.

4.1.2.3 Andre generelle statstilskot

Følgjande tilskot inngår i denne posten:

- Intergreringstilskot
- Tilskot einslege mindreårige
- Vaksenopplæring
- Vertskommunetilskot asylmottak
- Investeringsstilskot omsorgsbustadar m.m.
- Investeringsstilskot skular
- Samhandlingsreforma
- Diverse andre tilskot

Her er rekna med same beløp som rekneskap 2014, dvs. ein auke på kr 200 000 frå budsjett 2015. I tillegg kjem vertskommunetilskot kopla til asylmottak på omlag 1,2 mill. kroner.

4.1.2.4 Renteinntekter og utbytte

Denne samleposten inneheld desse inntektene:

Generelle renteinntekter på konti

Forventar lågare rente i 2016 enn i inneverande år. Anslag reduksjon renteinntekter kr 100 000 i høve til 2016, dvs. ei budsjettering på kr 500 000.

Morarenter

Budsjettering som for rekneskap 2014, dvs. omleg kr 100 000 i inntekter knytta til morarenter

Utbytte frå Tussa as

Grunnlag utbytte for 2015 er kr 5 500 pr. aksje *201 = 1,1 mill. kr

For 2014 var utbyttet kr 7000 pr. aksje og 1,4 mill. kroner i inntekt for kommunen. I budsjettforslaget er det lagt inn ei forventning om utbytte tilsvarande 2014.

Renter på utlån (startlån)

Same budsjett som for 2015, dvs. kr 500 000.

Renter på næringsfond

Ubetydelege inntekter

4.1.2.5 Renteutgifter provisjonar og andre finansutgifter

Denne posten omfattar:

Renter på kommunens lånemasse

Budsjettforslaget er basert på ei gjennomsnittsrenter på 1,52% av ei lånemasse på 330 mill. kr, dvs. 5 mill. kr. Dette er om lag 0,2% lågare enn anslaget for 2015.

Renter på lån til vidare utlån (startlån)

Her er budsjettert med same renteutgifter som fom 2015, dvs. kr 450 000

4.1.2.6 Avdrag på lån

Det oppførte beløp er det same som for 2015 som er basert på regelverk om minimumsavdrag av kommunen si samla lånemasse.

4.1.2.7 Til dekning av tidlegare års meirforbruk

Det oppførte beløpet er basert på ei forventning om nedbetaling av 5,57 mill. kr i 2015. Om vi maktar å gjennomføre føresetnadane for nedbetaling vil Hareid kommune stå utan akkumulert meirforbruk i 2017 og såleis vere ute av Robek-registeret med dei avgrensingar det set for kommunen sin handlingsfridom.

4.1.2.8 Til bundne avsetningar

Dette gjeld i hovudsak avsetningar knytta til sjølvfinansierende ansvar som vassforsyning, avløp m.m. Det oppførte beløp er basert på utrekningar utført av «Momentum» (eit firma kommunen nyttar til utrekningar knytta til sjølvfinansierende ansvar).

4.1.2.9 Til ubundne avsetningar

Kommunen har eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida. Budsjett er balansert med dei oppførte avsetningane for 2017-2019.

Bruk av bundne avsetningar

Dette gjeld i hovudsak bruk av avsetningar knytta til sjølvfinansierende ansvar som vassforsyning, avløp m.m. Det oppførte beløp er basert på utrekningar utført av «Momentum» (eit firma kommunen nyttar til utrekningar knytta til sjølvfinansierende ansvar).

Overført til investeringsregnskapet

Det er ikkje føresett overført driftsmidlar til investeringsbudsjettet. Tidlegare var det her avsett midlar til dekning av eigenkapitalinnskot i KLP, men det er til dette formålet no føresett bruk av ubundne investeringsfond (kan ikkje bruke lån som finansieringskjelde).

Sum til fordeling drift.

Dette er netto driftsutgifter som er tilgjengelige for sektorane.

Fotnote: Netto premieavvik

Sjå kapitlet «Økonomiske perspektiv»..

Netto premieavvik som blir ført på finansområdet, er ikkje kommentert andre stadar i budsjettforslaget og blir gjort her.

Følgjande er lagt til grunn i budsjettforslaget:

Tal i 1000 kr

Premieavvik KLP (skriv av 11.9.2015 frå KLP om m.a. berekning av budsjett for 2016)	-6 768
Premieavvik Statens pensjonskasse (skriv av 1.6.2015 frå SPK)	-186
Sum premieavvik	-6 954
Amortisering av tidlegare års premieavvik KLP	2 618
Amortisering av tidlegare års premieavvik SPK	-248
Sum amortisering	2 370
Netto premieavvik	-4 584
Arbeidsgjevaravgift 14,1%	-646
Netto premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	-5 230

4.1.3 Budsjettskjema 1B - Netto bindande budsjettramme for resultateiningane

1000 kroner

Resultateining	Regnska p 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
1010 Politisk styring og kontroll	2 376	2 874	2 866	2 985	2 866	3 095
Sektor for politisk styring og kontroll	2 376	2 874	2 866	2 985	2 866	3 095
1020 Rådmannskontor	2 818	3 293	3 729	3 975	4 056	3 975
1030 Økonomiavdeling	2 166	2 757	2 112	2 124	2 134	2 104
1040 Personalavdeling	2 134	2 353	2 416	2 416	2 416	2 416
1050 Plan og utviklingsavdeling	2 513	2 736	3 229	3 209	3 236	3 206
1060 Servicetorg og politisk sekretariat	4 061	4 144	4 264	4 264	4 264	4 221
1070 IKT-avdeling	642	242	-806	-806	-806	-806
1080 NAV-kommune	15 044	15 609	17 565	17 212	17 212	17 187
1090 Brannvern	3 425	3 639	4 264	5 760	5 760	5 740
Sektor for sentraladministrasjon	32 803	34 773	36 773	38 154	38 272	38 043
2000 Oppvekstkontor	28 465	27 990	33 794	33 794	33 794	33 794
2010 Bigset skule	8 253	9 096	9 375	9 375	9 375	9 375
2030 Hareid skule	20 142	21 369	23 421	23 421	23 421	23 421
2040 Hjørungavåg skule	6 056	6 288	6 631	6 631	6 631	6 631
2050 Hareid ungdomskule	21 139	20 969	20 647	20 647	20 647	20 647
2810 Bigset barnehage	6 225	6 686	6 789	6 789	6 789	6 789
2830 Hareid barnehage	4 104	4 015	4 115	4 115	4 115	4 115
2850 Syverplassen barnehage	6 271	6 977	7 151	7 151	7 151	7 151
Sektor for oppvekst	100 655	103 390	111 923	111 923	111 923	111 923
3100 Helse og koordinerande eining	13 706	14 316	15 070	15 070	15 070	15 070
4000 Velferdskontor	3 484	4 456	5 046	5 046	5 046	5 046
4022 Skjerma eining	8 207	8 503	10 048	10 048	10 048	10 048
4023 Somatisk eining	16 728	15 733	17 485	17 485	17 485	17 485

4025 Kjøkken	7 966	4 182	3 669	3 669	3 669	3 669
4031 Heimeteneste eining 1	12 816	12 824	13 368	13 368	13 368	13 368
4032 Heimeteneste eining 2	4 901	5 669	5 571	5 571	5 571	5 571
4050 Bu- og habilitering	14 624	14 693	15 824	15 824	15 824	15 824
Sektor for velferd	82 432	80 376	86 081	86 081	86 081	86 081
5000 Kulturkontor	1 966	2 077	2 137	2 137	2 137	2 137
Næring	78	64	66	66	66	66
5010 Bibliotek	1 250	1 236	1 313	1 313	1 313	1 313
5020 Kulturtiltak	40	149	113	113	113	113
2080 Hareid musikk- og kulturskule	1 909	1 945	2 108	2 108	2 108	2 108
2700 Ressurssenteret	3 895	3 612	132	132	132	132
Trussamfunn	3 387	3 424	3 537	3 537	3 537	3 537
Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	12 525	12 507	9 406	9 406	9 406	9 406
6500 Kommunalteknikk	5 557	4 766	5 754	5 754	5 754	5 754
6550 Sjølvkostområde	-445	1 230	0	0	0	0
7000 Bygg	7 425	6 402	8 305	8 305	8 305	8 305
Sektor for kommunalteknisk drift	12 537	12 398	14 059	14 059	14 059	14 059
Sum fordelte nettoutgifter	243 328	246 318	261 108	262 608	262 607	262 607

4.1.4 Kommentar til 1B

Endringar i høve til budsjett 2015 er vist og kommentert i dei einskilde sektordelane. Her er det og oversikt over løns- og prisstigning, konsekvensjustering, og nye tiltak.

I vedleggsdelen til budsjettet er vist alle endringar på ansvarsnivå.

5 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2019 – INVESTERING

Rådmannen presenterer her framlegget til investeringsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde investeringstiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei investeringstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

5.1 Investeringsbudsjett

5.1.1 Budsjettskjema 2A

Budsjettskjema 2A viser eit samandrag av investeringane og korleis dei er finansiert.

5.1.1.1 Alle investeringane

1000 kroner

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringar i anleggsmidlar	24 170	31 696	29 460	20 030	19 760	25 800
Utlån og forskoteringar	4 110	900	0	0	0	0
Kjøp av aksjar og andelar	691	700	700	700	700	700
Avdrag på lån	915	900	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekket	0	0	0	0	0	0
Avsetningar	2 006	3 732	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	31 892	37 928	30 160	20 730	20 460	26 500
Bruk av lånemidlar	-15 564	-20 871	-19 784	-15 319	-15 503	-19 695
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 531	-3 972	-1 740	-500	-500	-1 500
Tilskot til investeringar	-5 339	-100	0	-500	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	-3 330	-5 552	-4 985	-1 385	-1 385	-1 385
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 580	-2 614	-2 951	-2 326	-2 372	-3 220
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
Overført frå driftsregnskapet	0	-164	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-2 145	-4 655	-700	-700	-700	-700
Sum finansiering	-30 489	-37 928	-30 160	-20 730	-20 460	-26 500
Udekket/udisponert	1 403	0	0	0	0	0

5.1.1.2 Dei sjølvfinansierande investeringane (VA=vatn og avløp)

1000 kroner

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringar i anleggsmidlar	10 080	5 900	5 900	9 200
Årets finansieringsbehov	10 080	5 900	5 900	9 200
Bruk av lånemidlar	-10 080	-5 900	-5 900	-9 200
Sum finansiering	-10 080	-5 900	-5 900	-9 200
Udekket/udisponert	0	0	0	0

5.1.1.3 Alle investeringane med unntak av dei sjølvfinansierande (VA)

1000 kroner

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringar i anleggsmidlar	19 380	14 130	13 860	16 600
Kjøp av aksjar og andelar	700	700	700	700
Årets finansieringsbehov	20 080	14 830	14 560	17 300
Bruk av lånemidlar	-9 704	-9 419	-9 603	-10 495
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 740	-500	-500	-1 500
Tilskot til investeringar	0	-500	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	-4 985	-1 385	-1 385	-1 385
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 951	-2 326	-2 372	-3 220
Bruk av avsetningar	-700	-700	-700	-700
Sum finansiering	-20 080	-14 830	-14 560	-17 300
Udekket/udisponert	0	0	0	0

5.1.2 Kommentar til budsjettskjema 2A

I arbeidet med investeringsbudsjettet har det vore eit mål å halde rammer som ikkje belastar driftsbudsjettet utover dagens nivå. Rådmannen meiner derfor at låneopptak knytta til utbygging innan dei sjølvfinansierande områda vatn og avløp bør haldast utanfor i fylkesmannen si vurdering/godkjenning av storleiken på låneopptaka (kommunens Robek-status).

Rådmannen viser i tillegg til ei samla oppstilling over alle investeringane (5.1.1.1) også kva som er knytta til VA-området (5.1.1.2) og alle investeringane utan VA-området (5.1.1.3).

Det er i hovudsak nivået på nye låneopptak under 5.1.1.3 som har innverknad på driftsbudsjettet. Nye låneopptak som er større enn avdraga kommunen betalar vil auke lånegjelda og dermed auke driftskostnadane.

På eksisterande lånemasse på om lag 330 mill. kr utgjør VA-området om lag 65 mill. kr. Kommunen betalar årleg om lag 12 mill. kr i minimumsavdrag på samla lånemasse. VA-området representerer såleis vel 2 mill. kr av samla avdrag.

Med dette som grunnlag har rådmannen lagt til grunn ei ramme på nye låneopptak eksklusiv VA-området på i underkant av 10 mill. kroner.

Som tabellen viser ligg nye låneopptak for desse investeringane mellom 9,4 og 10,5 mill. kroner i planperioden med 9,7 mill. i 2016.

Det relativt høge nivået på mottekne avdrag og refusjonar er i hovudsak knytta SSIKT-samarbeidet og refusjonar frå dei andre kommunane.

5.1.3 Budsjettskjema 2B på investeringsprosjektnivå

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
I - 1	Brannstasjonen – utbygging og utstyr	300	0	0	0
I - 2	Brannvernutstyr	155	0	0	0
I - 3	Bustadfelt Eliasgarden - kommunal deltaking	300	0	0	0

Handlingsprogram 2016 - 2019

I - 4	Bustadfelt Holstad – utb. avløp overflatevatn	1 250	3 000	0	0
I - 5	Bustadfelt Pålhaugen 2 - grunnkjøp og utbygging	1 500	0	0	0
I - 6	Fiberkabel mellom Hareid og Ulstein	700	0	0	0
I - 7	Hareid hamn - vidareutvikling ytre Hareid	0	200	1 000	1 000
I - 8	Hareid kyrkjegard - grunnkjøp	1 000	0	0	0
I - 9	Industriområde Hareidsmyrane (rådm)	250	1 500	1 500	2 500
I - 10	Investeringar i SSIKT	7 195	2 000	2 000	2 000
I - 11	Miljøgateprosjekt Kjøpmannsgata - regulering	0	0	300	0
I - 12	Sjøkart Hareid - andel av prosjekt	150	0	0	0
I - 13	Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I - 14	Re-kabling av 2 etg Rådhus	0	200	0	0
I - 15	Rådhuset - belysning	0	1000	1000	0
I - 16	Rådhuset - rømmingsvegar	200	0	0	0
I - 17	Rådhuset - taktekking	0	0	0	1800
Sum sektor for Sentraladministrasjonen		13 500	8 400	6 300	7 800
I – 18	Skulane – utskifting av datamaskiner	300	200	200	200
I – 19	Hareid ungd.sk. – sløydbenkar og stolar	50	100	0	0
I – 20	Utstyr Oppvekst - programvare	0	100	0	0
I – 21	Bigset barnehage - tilbygg	0	200	0	0
I – 22	Bygningar Oppvekst - inneklima	300	200	200	200
I – 23	Hareid barnehage - ventilasjon	0	60	60	0
I – 24	Hareid skule - grupperom	100	0	0	0
I – 25	Syverplassen barnehage - asfaltering	0	0	100	0
I – 26	Barnehagar - inventar	100			
Sum sektor for Oppvekst		850	860	560	400
I – 27	Wi-Fi Sjukeheimen for velferdsteknologi	200	0	0	0
I – 28	Sjukeheimen - velferdsteknologi	300	0	100	0
I – 29	Sjukeheimskjøkken - utstyr	0	100	0	100
I – 30	Tryggleiksalarmar til heimebuande	300	0	100	0
I – 31	Hadartun uteområde – planl. / prosj.	0	150	0	0
I – 32	Hjellebakken – oppgradering bustader	0	300	100	100
I – 33	Nytt helsesenter – planl. og utbygging	350	0	0	0
I – 34	Omsorgsbustader Hadartun – rehab.	700	700	700	700
I – 35	Omsorgsbustader Pålh. – grunnerverv	1 000	0	0	0
I – 36	Omsorgsbustader Pålh. – prosj. / utb.	0	200	3 000	0
I – 37	Sjukeheimen – oppgradering bad	100	100	100	100
I – 38	Sjukeheimen – rehabilitering 4. etasje	0	0	0	1 000
I – 39	Sjukeheimen - taktekking	0	1 600	0	0
I – 40	Sjukeheimen - Ventilasjon	0	0	800	1 000
I – 41	Sjukeheimen – Ventilasjon buavdelinga	100	0	0	0
Sum sektor for Velferd		3 050	3 150	4 900	3 000
I – 42	Hareid kyrkje - inngangsparti	0	270	0	0
I – 43	Hareid kyrkje - nytt golv og varmesystem	0	0	0	1 500
I – 44	Hareid musikkskule undervisningsbrakker	0	150	0	
I – 45	Hareid musikkskule - ventilasjonsanlegg	150	0	0	0

Handlingsprogram 2016 - 2019

I – 46	Kulturminneplan	150	0	0	0
I – 47	Ovrasanden - prosjektering og utbygging	0	0	200	1 500
I – 48	Skilting kulturminne Ovra	0	150	0	0
Sum sektor for næring, kultur og samfunnsutv.		300	570	200	3 000
I – 49	Gjerdselva 1, eigenandel	480	0	0	0
I – 50	Grøntanlegg - traktorklippar	0	150	0	0
I – 51	Hareid hamn – rehabilitering betongkai	0	0	1500	0
I – 52	Miljøprosj. – Kjøpm.gt. Bedehusparken	1 000	1 000	0	0
I – 53	Strandgata - gangveg	0	0	200	2 400
I – 54	Trafikktrygging - fartsdemparar	100	0	1 000	0
I – 55	Trafikktrygging – merking overgangar	100	0	100	0
Sum sektor for Kommunalteknisk drift Ordinære prosjekt		1 680	1 150	2 800	2 400
I – 56	Avløp – Kjøpmannsgata Bedehusparken	300	0	0	0
I – 57	Avløp – avskj. anl. Grimstad - Geilane	0	0	0	1 800
I – 58	Avløp - Reinseanlegg	0	0	5 000	6 500
I – 59	Avløp – Sidegrein Hovden-Mork	800	0	0	0
I – 60	Avløp – vakuumvogn (slamsugar)	130	0	0	0
I – 61	Avløp – Røyset – 1. byggesteg	2 500	2 500	0	0
I – 62	Fornyng/rehabilitering avløpsnett	850	500	500	500
I – 63	Fornyng/rehabilitering vassnett	400	400	400	400
I – 64	Kloakkpumpestasjon ved Godsterm.	300	0	0	0
I – 65	Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet	2 000	0	0	0
I – 66	Vassforsyning Røyset – 1. byggesteg	2 500	2 500	0	0
I – 67	Vatn – Kjøpmannsgata Bedehusparken	300	0	0	0
Sum sektor for Kommunalteknisk drift VA-prosjekt		10 080	5 900	5 900	9 200
2)	Sum investeringsutgifter i anleggsmidlar	29 460	20 030	19 760	25 800

Kommentar til budsjettskjema 2B

Kommentar til det enkelte prosjekt er å finne under sektorkommentarane.

6 SEKTOR FOR SENTRALADMINISTRASJONEN

Rådmann Bent Arild Grytten

6.1 Sektorstruktur

Sentraladministrasjonen vert leia av rådmannen. Leiarstrukturen elles består av 7 avdelingsleiarar som sit i rådmannen si stabgruppe. Avdelingsleiarane har sjølvstendig ansvar for drift av sine avdelingar og rapporterer til rådmannen.

- Økonomiavdeling
- Personallavdeling
- IT-avdeling
- Servicetorg og politisk sekretariat
- Plan, utvikling, byggesak og geodata
- Brannvern
- NAV kommune
- Rådmannskontoret (administrativ eining)

I tillegg er vertskommunesamarbeidet SSIKT driftssenter, organisatorisk plassert innanfor sentraladministrasjonen. Denne eininga vert drifta av Hareid kommune med personal- og økonomiansvar, men arbeider elles ut frå føringar som vert lagt av eit interkommunalt samarbeidande organ, samt samordna politiske vedtak som kommunestyret i dei sju samarbeidskommunane gjer.

Driftsansvaret for barneverntenesta er gjennom vedtak om deltaking i vertskommunesamarbeid, delegert til rådmannen i Volda. Hareid kommune har sjølv sagt fortsatt ansvaret for barneverntenesta i kommunen og i fortsettinga, men tenesta vert utført gjennom barneverntenesta Hareid – Ulstein – Ørsta – Volda, med felles lokalisering i rådhuset i Volda.

Eit anna viktig interkommunalt samarbeid, som sentraladministrasjonen er kontaktpunkt for, er Søre Sunnmøre Landbrukskontor IKS. Det er Hareid, Herøy og Ulstein som er eigarar av dette interkommunale selskapet, som har kontor i Dragsund i Herøy kommune.

6.1.1 Om tenestene

Sentraladministrasjonen utfører dei fleste av dei sentrale stab- og støttetjenestene. Typiske døme på dette er tenester innanfor økonomiforvaltning, personalforvaltning og ITK. Servicetorget utfører i tillegg til interne tenester til administrativt og politisk nivå også tenester til publikum. Plan, Utvikling, Byggesak og Geodata har eit variert tenestespekter, som både er eksternt og internt retta. Brannvernet har viktige oppgåver innanfor brannførebygging og har det operative ansvaret ved brann eller ulykkeshendingar. NAV-kommune har eit brukarorientert og rettsbasert tenestespekter og yter tenester til ulike brukargrupper.

Eit viktig fokus for sentraladministrasjonen er dessutan å legge til rette for den politiske aktiviteten gjennom saksførebuingar og gjennomføring av politiske vedtak. Alle einingane i sentraladministrasjonen er potensielle aktørar i dette arbeidet.

Rådmannen er bindelekkjet mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har eit særskilt ansvar for at saker som leggst fram for folkevald organ har fått ei forsvarlig utgreiing og at vedtak blir sett i verk. Vidare skal rådmannen syte for at kommunedrifta ligg

innanfor gjeldande lover, forskrifter og overordna instruksar, samt syte for forsvarleg kontroll (jf. kml. §23.2.)

Tenestene blir nærare skildra i underkapitla nedanfor.

6.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Kommunen skal kvart år vedta budsjett og handlingsprogram som skal tilfredsstillе dei gitte og absolutte krava i kommuneloven sitt kapittel 8. Dette vert utgangspunktet.

Kommunen si økonomiske stilling, tenestestatusen i driftseiningane, samt føringar frå lokalt politisk nivå og i statsbudsjettet, vert vidare sentrale premiss.

Vidare vert det for rådmannen viktig å take i vare dei ulike perspektiva innanfor samfunnsutvikling, økonomistyring, tenesteproduksjon og arbeidsgjevaransvar. For ei kommune med låg inntekt og ROBEK-status vert det følgjeleg mange dilemma. Rådmannen prioriterer innanfor desse rammene i framlegget til budsjett og handlingsprogram.

Det er likevel ikkje til å kome bort frå at ei svært sentral føring har vore å legge grunnlaget for å føre kommunen eit skritt vidare i arbeidet med å bringe kommunen ut av ROBEK-registeret. Dette er smertefullt og både administrasjonen, politikarane og innbyggjarane vil erfare denne kjensgjerninga, både gjennom framlegget til budsjett og handlingsprogram og i praktisk røyndom, i den grad budsjettframlegget blir vedtatt. Rådmannen ser det slik at situasjonen krev at vi løftar i lag og at alle som kan, bør vere med på å løfte.

For det som førekjem av føringar på tenestesektorane, vert det å vise til deira respektive kapittel.

6.2 Årsverk og driftstiltak

6.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2014	Årsverk 01.10.2015	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2016
Rådmannskontoret	1,86	2,36	2,36
Økonomiavdelinga	4,3	4,75	5,0
Personalavdelinga	2,9	3,4	3,4
Plan, utvikling, byggesak og geodata	5,75	5,75	5,75
Servicetorget	4,0	4,0	4,3
IT-avdelinga	1,0	1,0	1,0
SSIKT driftssenter	3,0*	3,0*	4,0*
Brannvern	1,25	1,25	1,25
NAV-kommune (ekskl. eksternt finansierte prosjekt)*	3,8**	3,3**	2,8**
Samla årsverk	27,86	28,81	29,86

*SSIKT driftssenter vart formelt oppretta som vertskommunesamarbeid 01.01.2014.

Stillingsheimlane som til ein kvar tid ligg inne er eig av Hareid, men vert finansierte gjennom tilskot frå dei sju kommunane i samarbeidet.

**Som resultat av at Volda kommune vart etablert som vertskommune for eit samarbeid på barnevernsområdet, vart om lag seks stillingsheimlar overførte til Volda. Desse er ikkje

tekne med i tabellen, då stillingsheimlane no ligg i Volda og Hareid kommune i staden gir refusjon til barneverntenesta sine felleskostnader etter ein kostnadsfordelingsnøkkel. Rådmannskontoret har fått utauka ressursen med 0,5 årsverk på grunn av tilsetjing av folkehelsekoordinator. Dette skjedde i løpet av 2015.

Økonomiavdelinga vil få tilgang på ei heil stilling for økonomileiar, men har samstundes avgang i andre stillingar. Økonomileiar vert tilsett frå 01.12.2015.

Servicetorget ligg no inne med ei vakant stilling på 30%. Reell ressurs er 4 heile stillingar.

I tabellen ovanfor inngår ikkje resurs på 5,33% lovfesta stillingsheimel for hovudverneombod.

6.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2016 – 2019 POLITISK STYRING OG KONTROLL (A) SENTRALADMINISTRASJONEN (B)		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
AB	B1 2015	37647			
AB0	Sum konsekvensjustering	514			
AB1	Sum artsavhengigheit	511			
AB2	Sum prisjustering	867			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	39538	39916	39916	39916
A1	Endringar i valkostnader	0	119	0	230
B1	For høgt budsjetterte konsulentkostn.	0	-250	-168	-250
B2	Ny rådmann forventa lønsauke	56	111	111	111
B3	Auke i sjukeførsrefusjon	-20	-20	-20	-20
B4	Redusere lønskostnader servicetorget	0	0	0	-43
B5	Naudnett	177	177	177	177
B6	Redusere konsulentkostnader øk.avd.	-23	-10	0	-30
B7	Vakttlag	0	1500	1500	1500
B8	Redusere vikarutgifter øk.avd.	-70	-70	-70	-70
B9	Reduksjon i refusjon til barneverntenesta	0	-353	-352	-377
B10	Auka sjukeførsrefusjon	-25	-30	-30	-50
B11	Redusere konsulentkostnader PUB & G	-7	-27	0	-30
B12	For høgt budsjettert løn	-63	0	0	0
B13	Kjøp av parkeringsbevis	100	100	100	100
B14	Redusere sjukevikar øk. stønadsordn.	-25	-25	-25	-25
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	39638	41138	41138	41138

6.2.3 Kommentar til driftstiltaka

AB0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggjast inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggjast inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Årsaken til volumauke i sektoren er samansett. Reduksjon i lønnskostnader og rydding i budsjettet har resultert i ein volumreduksjon, men sidan det er budsjettert med ein auke i kostnader til felles barnevernteneste med om lag 2 mill. kroner, resulterer det i ei samla konsekvensjustering på om lag ein halv mill. kroner. Det er og budsjettert inn lønnskostnad til ny rådgjevar i rådmannen sin stab. Dette på grunn av at noverande rådmann vil gå inn i ny stilling etter at året er avslutta. Sidan politisk vedtak allereie er gjort vert dette ei konsekvensjustering og lagt inn som ei styrking av lønsbudsjettet med kr 374 000 i 2016 (halvårsverknad) og kr 748 000 frå og med 2017. Summen er inkl. sosiale kostnader.

AB1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore noko underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

AB2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,4%.

A1 Endringar i valkostnader

Det stor forskjell på arbeidet med kommuneval og arbeidet med stortingsval. Dette gjeld før valet, på valdagen og etter at valet er over. Denne skilnaden er tatt omsyn til. Det er sjølv sagt også tatt omsyn til at berre annakvart år er eit valår.

B1 For høgt budsjetterte konsulentkostnader

Dette gjeld rådmannskontoret. Ved ein feil vart det lagt inn budsjett for kostnader til rekruttering av ny rådmann kvart år i det konsekvensjusterte budsjettet. Det er vel rimeleg å anta at ein ikkje treng å budsjettere med dette kvart år og det er såleis gjort ei korrigerings.

B2 Ny rådmann forventa lønsauke

Nivået på dagens rådmannsløn er svært lite konkurransedyktig i høve kringliggande kommunar. Hareid ligg her lågast av samtlege kommunar på søre Sunnmøre. Det er såleis lagt inn ein korreksjon for dette, basert på den nest lågaste rådmannsløna i desse kommunane i 2015. Halvårsverknad i 2016 og heilårsverknad frå og med 2017.

B5 Naudnett

Det ligg ikkje inne budsjett på denne kostnaden. Sidan sentrale krav gjer at denne kostnaden kjem uansett, kan vi vanskeleg gjere anna enn å budsjettere kostnaden

B7 Vaktlag brannvern

Forslag om innføring av vaktlag frå 2017. Kravet om vaktlag har vi hatt sidan litt før år 2000. Dette er eit lovkrav. Det ligg føre politisk vedtak om å innføre tiltaket frå og med 2017 og ein skulle såleis ha lagt inn kostnaden i konsekvensjustert budsjett. Men sidan det er reell fare for at kommunen kan få pålegg om å innføre tiltaket tidlegare, vert det lagt inn som tiltak for å synleggjere og for å gi kommunestyret mulegheit til å gjere endringar.

B9 Reduksjon av refusjon i barneverntenesta

Barneverntenesta sine kostnader er i stor grad drivne av situasjonsbestemte faktorar og av aktørar med avgjerdsmynde, der kommunen i liten grad kan ha påverknad. Kostnadane kan

såleis variere mykje frå år til år, alt etter kor mange tiltak som ligg føre til ein kvar tid. Felles barnevernteneste har meldt at dei forventar ei auke i Hareid sine kostnader med om lag 2 mill. kroner for budsjettåret 2016. Mesteparten av dette er knytt til volumauke i barneverntiltak. Rådmannen har funne plass til denne auka i 2016, men legg inn ein mindre korreksjon i retning lågare kostnader i dei påfølgjande budsjettåra.

B13 Kjøp av parkeringsbevis

Hareid Parkeringsselskap skal disponere delar av Rådhusplassen til betalingsparkering og har inngått avtale med kommunen om dette. Parkeringsplassar for tilsette og leigetakarar vert såleis ein knappheitsfaktor. Kommunen treng difor å kjøpe 20 parkeringsbevis for å stette parkeringsbehovet og kostnaden til dette er lagt inn som tiltak, noko som elles er i tråd med formannskapet sitt vedtak i sak om «leige» av delar av parkeringsarealet på Rådhusplassen.

B3; B4; B6; B8; B10; B11; B12; B14 Driftsreduksjonar

Alle desse tiltaka er tiltak som ikkje krev politisk godkjenning, då det ligg innanfor rådmannen sitt mynde å gjere endringar. Dei er likevel tekne med som informasjon og for å synleggjere at Sentraladministrasjonen sitt samla tilfang av føreslegne tiltak held seg innanfor ramma på maksimalt 100 000 kroner i nye tiltak. Det er rådmannen som har pålagt Sentraladministrasjonen å halde seg innanfor denne ramma.

6.3 Investering

6.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
I-1	Brannstasjonen – utbygging og utstyr	300	0	0	0
I-2	Brannvernutstyr	155	0	0	0
I-3	Bustadfelt Eliasgarden - kommunal deltaking	300	0	0	0
I-4	Bustadfelt Holstad – utb. avløp overflatevatn	1 250	3 000	0	0
I-5	Bustadfelt Pålhaugen 2 - grunnkjøp og utbygging	1 500	0	0	0
I-6	Fiberkabel mellom Hareid og Ulstein	700	0	0	0
I-7	Hareid hamn - vidareutvikling ytre Hareid	0	200	1 000	1 000
I-8	Hareid kyrkjegard - grunnkjøp	1 000	0	0	0
I-9	Industriområde Hareidsmyrane (rådm)	250	1 500	1 500	2 500
I-10	Investeringar i SSIKT	7 195	2 000	2 000	2 000
I-11	Miljøgateprosjekt Kjøpmannsgata - regulering	0	0	300	0
I-12	Sjøkart Hareid - andel av prosjekt	150	0	0	0
I-13	Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I-14	Re-kabling av 2. etg. Rådhus	0	200	0	0
I-15	Rådhuset - belysning	0	1000	1000	0
I-16	Rådhuset - rømmingsvegar	200	0	0	0
I-17	Rådhuset - taktekking	0	0	0	1800
Sum sektor for Sentraladministrasjonen		13 500	8 400	6 300	7 800

6.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 1 Brannstasjonen utbygging og utstyr

Rebudsjettering av ubrukt løyving pågåande prosjekt

I – 2 Brannvernutstyr

Budsjettert i 2015, men prosjektet vert overført til 2016

I - 3 Bustadfelt Eliasgarden - kommunal deltaking

Kommunal andel i høve privat utbygging.

I - 4 Bustadfelt Holstad - utbygging avløp overflatevatn

Grunnerverv og prosjektering i 2016 og utbygging i 2017.

I - 5 Bustadfelt Pålhaugen 2 - grunnkjøp og utbygging

Restinnløysing av grunn på Pålhaugen 2 er forventet gjennomført i 2016, men hovudtyngda av dei oppførde kostnadane er bygging av veg. Ein føreset også inntekter i 2016 i form av sal av tomter o.l.

I - 6 Fiberkabel mellom Hareid og Ulstein

Rebudsjettering av restarbeid pågåande prosjekt

I - 7 Hareid hamn - vidareutvikling ytre Hareid

Midlar til prosjektering og stegvis utbygging.

I - 8 Hareid kyrkjegard - grunnkjøp

Skjønnet for grunn til kyrkjegarden er no endeleg. Vi fører opp midlar i 2016 til 3. og siste delutbetaling til grunneigarane i høve inngått avtale og fasett pris.

I - 9 Industriområde Hareidsmyrane

Industriområdet er detaljregulert og klart for prosjektering og utbygging.

I - 10 Investeringar i SSIKT

Investeringar 2016, 2017, 2018, 2019

Programvare kjøp og oppgradering samt utstyr. Andre kommunar i samarbeidet betalar refusjon for sine delar av investeringa.

I - 11 Miljøgateprosjekt Kjøpmannsgata – regulering

Manglar kommentar

I - 12 Sjøkart Hareid - andel av prosjekt

Undersjøiske kart, saumlaus overgang frå land til sjø. Kommune er med i eit pilotsamarbeid med kommunane på ytre, koordinert av Runde Miljøsentert. Kommunal del.

I - 13 Ymse grunnkjøp

Tiltaket gjeld i hovudsak dekninga av kostnader med innløysing/kjøp av mindre areal/grensejusteringar i utbyggingssaker m.m. Posten skal vere sjølvfinansierande gjennom inntektsposten diverse sal av grunn.

I - 14 Re-kabling av 2. etg. rådhuset

Datakommunikasjonsnettet i delar av etasjen er gammalt og vi opplever mykje driftsavbrot på grunn av dette. Tiltaket går ut på å skifte leidningane i søre delen av etasjen.

I - 15 Rådhuset - belysning

Belysninga på bygget inneheld PCB. Dette vart ulovleg i 2005.

I - 16 Rådhuset - rømmingsvegar

Etter at det har blitt laga ein rapport om rømmingsvegar på rådhuset, kom det fram at branntilsynet ikkje kan godkjenne bygget slik det er i dag. Det må lages godkjende utgangar samt monterast utv. rømmingstrapper.

I - 17 Rådhuset – takteking

Taktekinga begynner å bli veldig gammal. Opphavelag er den frå slutten av 60-talet. Denne bør skiftast før lekkasjar starter.

6.4 Overordna målsettingar

6.4.1 Hovudmål

Sentraladministrasjonen skal syte for naudsynste stab- og støttetenester til kommunen sine tenesteytande einingar. Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksemdar skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødige ventetid. Sektoren skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemd er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.

6.4.2 Utviklingsmål

- Alle einingar i kommunen skal i løpet av 2016 ha vidareutvikla målstyringskonseptet med styringskort ved å lage og starte gjennomføring av ein plan for medarbeidar- og brukarundersøkingar.
- Sentraladministrasjonen skal i budsjettåret 2016 fortsette arbeidet med å redusere avviket mellom budsjett og rekneskap. Målsetting på lengre sikt er 0% avvik

6.4.3 Styringskort

Økonomiavdelinga

STYRINGSKORT Økonomiavdeling		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Responstid i generelle interne økonomispørsmål*	1 dag	2 dagar
Økonomirapportar levert til fastsett frist	100%	100%
Koordinere arbeid og levere økonomiplan og handlingsprogram		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomføre medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	17,9*	>7%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0%	0 %

* Data per 12.10.2015

** Generelle spørsmål som er naudsynt for at leiarar kan få utført arbeidet sitt til rett tid. Til dømes innan kontoplan, leverandør opplysingar, regelverk m.m.

Løns- og personalavdelinga

STYRINGSKORT løns- og personalavdeling		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Lønsslipp på e-post	70%	80%
Elektroniske reiserekningar	0	50%
Responstid i generelle spørsmål **		2 dagar
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomføre medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Sjukefråvær	12,5 %*	>7%
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref. +)	0%	0 %

* Data per 12.10.2015.

** Generelle spørsmål som er naudsynt for at leiarar kan få utført arbeidet sitt til rett tid. Til dømes innan regelverk, tilsettopplysingar m.m.

IT-avdelinga

STYRINGSKORT IT-avdelinga		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Oppetid IT-system, eksklusive planlagd nedetid	98	98 %
Andel fornøgde brukarar av IT-systema	80%	85%
Tilfredstillande support til brukarar	85%	90%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100 %	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	? %	93 %
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref. +)	+2,0%	0 %

Oppetid IT-system, eksklusive planlagd nedetid

Oppetid eksklusiv planlagd nedetid er om lag 98% på årsbasis så der er målet oppnådd.

Andel fornøgde brukarar av IT-systema

Det har ikkje vore gjennomført brukarundersøking i Hareid på dette, men inntrykket er at målet på 80% er nådd. I den siste tida har vi hatt litt problem med ustabil heimekontorløyising, men hovudproduksjonen har hatt svært lite rapportering frå misnøgde brukarar.

Tilfredstillande support til brukarar

Inntrykket er her heilt klart at majoriteten av brukarane er godt fornøgd med responstid og hjelp. Dette er basert på tilbakemeldingar frå brukarar som har hatt behov for support.

Gjennomført medarbeidarsamtalar

Gjennomført i 2015. God trivsel vert rapportert etter oppussing av kontorlokale. Godt fornøgd med arbeidsoppgåver.

Nærværprosent medarbeidarar

Svært lavt sjukefråver i avdelinga. Tilgjengelege tal gjeld heile sektoren.

Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)

SSIKT hadde eit lite underskot i 2014. Reknar med å gå ut i 0 eller litt + i år.

Hareid hadde eit lite + i fjor, reknar med å gå ut i 0 i år.

Servicetorg og politisk sekretariat

STYRINGSKORT Servicetorg og politisk sekretariat		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Sentralbord/skranke – svar på anrop i prosent	85 %	90 %
Heimeside - Aktiv informasjon av kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Hareid		80 %
Søknad på husbanken sine tenester, næringsfondet og andre søknadar på tenester skal handsamast fortløpande og søkjar skal ha fått tilsendt førebels svar innan 1 veke.		100 %
Alle innsynsbegjæringar skal svarast på innan 24 timar		100 %
Rydde og overføre antal hyllemeter arkivboksar, av 300 hyllemeter urydda, til IKA årleg	100% (15 hm)	10 hm
Alle arkivdelar skal bli fullelektroniske i løpet av ei 10 årsperiode	100 % (to stk.)	Ein arkivdel årleg - pasientarkiv
Dei politiske møtedokumenta vert utsendt elektronisk med alle sakene 7 dagar før for KST og 5 dagar før for andre utval. Innkalling med saksframlegg og vedlegg skal sendast i rett tid jf. nedfelte rutinar ¹	Ikkje nådd	60 %
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100 % ²	100 %
Nærværprosent medarbeidarar ³		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	-1,35 % ⁴	0 %

Sentralbord/skranke – svar på anrop i prosent

At kundane får svar når dei tek kontakt med kommunen er viktig for omdømme vårt. Når dei får kontakt med sentralbordet kan vi formidle kvifor dei for eksempel ikkje får kontakt med ein sakshandsamar, kvar dei finn informasjon m.m.

Heimeside

Målet er at heimesida skal ha oppdatert informasjon om tenestene våre, slik at kunden sjølv kan finne informasjonen dei treng der. Kunden skal kunne gjer det meste elektronisk utan å

¹ Sakshandsamarane må følgje dette for at målet kan realiserast

² Tal frå 2013 eg har medarbeidarsamtale på slutten av året

³ Sektortal grunna små stabsavdelingar

⁴ Tal frå 2014

gå via oss til anna enn for eksempel rettleiing. Med andre ord vi legg til rette for det digitale samfunnet. Å bygge opp dette er ressurskrevjande. DIFI har ein eigen målemetode for dette som no er på plass igjen og etter det vi får opplyst vert utvert årleg i november.

Søknad på husbanken sine tenester, næringsfondet og andre søknadar på tenester skal handsamast fortløpande og søkjar skal ha fått tilsendt førebels svar innan 1 veke. Målet er å ha kunden i sentrum, at han/ho veit at vi har motteke søknadane og at dei vert handsama snarleg. Det skal stå i det førebelse svaret kva tid vi reknar med å kunne gi svar.

Alle innsynsbegjæringar skal svarast på innan 24 timar

For enkle innsynsbegjæringar vil det sei at den som spør har fått dokumentet som vert etterspurt innan eit døgn. For meir omfattande innsynsbegjæringar vil dette bety at dei får tilsendt eit dokument med opplysningar om kvifor dei ikkje kan få alle dokumenta med ein gong.

Rydde og overføre antal hyllemeter arkivboksar, av 300 hyllemeter urydda, til IKA årleg

Vi har for mykje urydda arkivmateriale i kommunen og har ikkje økonomi for å leige inn ressursar for å få dette gjort. For å kunne ta dette langs med anna arbeid har vi satt 10 hm pr. år som eit realistisk mål.

Alle arkivdelar skal bli fullelektroniske i løpet av ei 10 årsperiode

Dette vil sjølvstgt medføre ein meir omfattande internkontroll i arkivsystemet. Arkivet må endre rutinar og følgje opp sakshandsamarane på ein anna måte. Fordelen er mindre bruk av utskrift, papir og mapper. Dette vil gi økonomiske innsparingar.

Dei politiske møtedokumenta vert utsendt elektronisk med alle sakene 7 dagar før for KST og 5 dagar før for andre utval. Innkalling med saksframlegg og vedlegg skal sendast i rett tid jf. nedfelte rutinar

Servicetorg og politisk sekretariat er avhengig av at sakshandsamarane følgj gjeldande rutine for at vi kan nå dette målet. Alt ligg til rette for at det skal vere muleg, men det meir unntaket enn regelen at ei innkalling vert sendt ut med alle sakene. I fjor var det berre eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne som heldt fristane.

Plan, utvikling, byggesak og geodata

STYRINGSKORT Plan- og utviklingsavdelinga, byggjesak og geodata		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Andel private reguleringsplanar behandla innan lovpålagt avtalt frist	100%	100%
Implementering av reguleringsplanar i kartverk og planregister ajourført fortløpande	50%	100%
Fråvær av vedtak omgjort av fylkesmannen	100%	100%
Kurante byggje og frådelingssaker skal handsamast innan dei fristar som lovverket set	50%	100%
Ajourføring av kart i samsvar med Geovekstavtalen. <i>(Dårleg resultat i 2014 skyldast vakanse i stilling/eigedomskatt-prosjektet.)</i>	30-40 %	100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	0	100 %

Nærværprosent medarbeidarar	94,4	>95%
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0 %	0 %

Brannvern

STYRINGSKORT Brann		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Beredskap: Det skal gjennomførast minst 10 øvingar.	10	10
Beredskap: Ingen ulykke under utrykking.	0	0
Brannførebyggande: Besøk på/av barnehage. 100 %	25 %	100 %
Brannførebyggande: gjennomføre alle lovpålagte tilsyn. 100 %	5 %	100 %
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	0 %	100 %
Nærværprosent medarbeidarar*		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	+6 %	0 %

Brannvernet skal driftast i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova, samt godkjend brannordning for kommunen.

Brannvernet skal gjennomføre brannførebyggande tiltak gjennom året som branntilsyn, informasjons tiltak mot bedrifter, skular og barnehagar m.a.

Brannvernet er også den viktigaste beredskapsressursen i kommunen, brannvernet skal ved brann og andre ulykker gjere innsats for å verne liv, miljø og verdiar.

* Sektortal grunna små stabsavdelingar

7 SEKTOR FOR OPPVEKST

Kommunalsjef Trine Falkenstein

7.1 Sektorstruktur

- Bigset barnehage
- Hareid barnehage
- Syverplassen barnehage
- Bigset skule
- Hareid skule
- Hjørungavåg skule
- Hareid ungdomsskule
- Oppvekstkontor – administrativ teneste

7.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for oppvekst, har sett seg som mål å bli ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon med fokus på kollektive læringsprosessar og medverknad. Dette krev systematisk og langsiktig planlegging, då ein ynskjer å nytte sektoren sin samla kompetanse og ressursar på smartast og mest tenelege måte for organisasjonen. Det vert viktig å arbeide målretta og kunnskapsbasert med fokus på kollektive læringsprosessar i den einskilde eining og på tvers av einingane i sektoren. Dette for å sikre godt læringsmiljø, best mogleg læringsutbytte og vidareutvikle god undervisningspraksis i skulane og barnehagane våre.

Sektor for oppvekst ser på medarbeidarane som den viktigaste ressursen i tenesta. Å legge til rette for at medarbeidarane til ei kvar tid har naudsynt kompetanse, kunnskap og haldningar knytt til arbeidet med barn og unge, vil vere viktige faktorar for å sikre eit høgt læringsutbytte og god omsorg for borna i barnehagane og elevane i skulane i kommunen.

Sektoren vil fokusere på å etablere tenester innafor dei rammene som er gitt. Born og unge med komplekse og samansette vanskar er aukande både på landsbasis og på kommunenivå. Oppvekst ser behovet for auka fokus på tverrfagleg og tverrsektoriell samhandling for å kunne løyse desse utfordringane til beste for barnet. Knappe ressursar fordrar eit meir heilskapleg perspektiv i bruk av ressursar internt og på tvers av sektorane.

Foreldre og føresette må og ha nok informasjon for å kunne vite kva tenestetilbod dei kan forvente seg i skulane og barnehagane i Hareid, innafor dei rammer sektoren disponerer. Vidare må skule- og barnehageeigar få god tilgang på informasjon og kunnskap om kva som skal til for å bygge gode skular- og barnehagar med høg kvalitet.

7.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Oppvekstsektoren vil arbeide for å sikre kvalitet i alle ledd innanfor stramme økonomiske rammer. Arbeidet gjennom året vil ha fokus på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver. Overordna Kvalitetsplan 2016-2020 er under utarbeiding og vil legge føringar for innsatsområde i skulane og barnehagane. Dei valte innsatsområda er:

- Læringsmiljøet
- Tidleg innsats
- Heim-skule/barnehagesamarbeid
- Tverrfagleg samhandling

- Organisasjonsutvikling (lærande organisasjonar)

7.2 Årsverk og driftstiltak

7.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2014	Årsverk 01.10.2015	Forventa årsverk – Budsjettframlegg 2016
Oppvekstkontor	2,00	2,00	2,00
Bigset skule	14,59	15,10	14,90
Hareid skule	31,28	38,38	36,88
Hjørungavåg skule	9,47	11,11	11,00
Hareid ungdomsskule	28,67	27,80	26,50
Lærlingar	0,50	0,00	0
Bigset barnehage	12,05	12,70	12,70
Hareid barnehage	8,70	6,90	6,90
Syverplassen barnehage	12,80	13,17	13,17
Lærlingar	0,20	0	0
Styrka barnehagetilbod	5,07	5,44	5,44
Spes.ped tiltak	2,52	1,97	1,97
Samla årsverk	127,85	134,57	131,46

7.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2016 – 2019 OPPVEKST (C)		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
C	B1 2015	103390			
C0	Sum konsekvensjustering	2990			
C1	Sum artsavhengigheit	1589			
C2	Sum prisjustering	2566			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	110535	110535	110535	110535
C3	Auke i tilskott privat barnehage	3000	3000	3000	3000
C4	IT-kostnader Hjørungavåg skule	100	100	100	100
C5	IT-kostnader Hareid skule	100	100	100	100
C6	Kutt i pedagogstilling 10% - Hjørungavåg skule	-66	-66	-66	-66
C7	Kutt i pedagogstilling 150% - Hareid skule	-926	-926	-926	-926
C8	Ny ordning – redusert foreldrebetaling	200	200	200	200
C9	Kutt i pedagogstilling 130% - Hareid ungdomsskule	-887	-887	-887	-887
C10	Kutt i pedagogstilling 20% - Bigset skule	-132	-132	-132	-132
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	111923	111923	111923	111923

7.2.3 Kommentar til driftstiltaka

C0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn til dømes pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

For skule- og barnehageåret 2015-2016 er det komme til større behov i barnehagane og skulane og dette har gitt utslag i auka driftsutgifter både i einingane og i oppvekstkontoret med kr. **2 990 221.-** for 2015. Dei nye tiltaka er hovudsakleg nye midlertidige stillingar for 2015-2016. Nedanfor vert dei nye tiltaka som ligg til grunn for konsekvensjusteringa i 2015 skildra:

Desse tiltak er sett i gang frå nytt skuleår (haust 2015):

Behov 1: Klassedeling 1. trinn ved Hareid skule og Hjørungavåg skule haust 2015

I budsjettprosessane for 2015 og i revidert budsjett juni 2015 vart det innmeldt behov for klassedeling ved Hareid skule på 1. trinnet (33 elevar) og ved Hjørungavåg skule (13 elevar). Tidlegare har 1. og 2. klasse ved Hjørungavåg skule vore ei klasse. No er det 16 elevar i 2.klasse, samla vil då elevtalet overstige 24 elevar på 1. og 2. trinn. Fleire tilflyttingar og store kull med born frå barnehagane, samt færre elevar frå 7.trinnet som gjekk over i ungdomskulen, fordrar ny klassedeling jf. §8.2 i opplæringslova og tal elevar pr. klasse. Auke med 200% pedagog frå august 2015 og 5 mnd **kr. 541 000.-**

Behov 2: Mottak av mindreårige asylsøkarar med rett til rett til opplæring etter opplæringslova

Hareid kommune vedtok våren 2015 å ta imot mindreårige asylsøkarar. Sju av desse ungdomane er under 16 år og har rett til opplæring etter opplæringslova. For å kunne legge til rette tilbod om særskild norskopplæring for desse elevane er det gjort avtale med vaksenopplæringa – 16t/v. Vidare er det lagt til rette for resterande 14t/v ved Hareid ungdomskule ved 10. trinn. For å integrere ungdomane i skulemiljøet har det vore ytterlegare behov for framandspråkleg støtte og tolketenester. Tiltak er kostnadsberekna til **kr. 291 000.-** for hausten 2015 og opp mot kr. 700 000.- på årsbasis (2016). Kommunen vil få refundert ca. kr 236 000.- for hausten 2015.

Behov 3: Auke i tal elevar med framandspråkleg bakgrunn

Frå hausten 2015 er det kome til 7 nye elevar ved Hjørungavåg skule. Dette er elevar som ikkje har norskkunnskapar og treng tilrettelegging med særskild norskopplæring for å kunne ha utbytte av ordinær opplæring. Hareid skule har også frå hausten fått tilført fleire born med framandspråkleg bakgrunn og har i dag 60 framandspråklege born. Fleire av borna skårar på lågast nivå ved språktestar. Det er oppretta to 40% stillingar hausten 2015 fordelt på dei to skulane for å kunne gi desse elevane særskild norskopplæring etter opplæringslova. Det har vore vanskeleg å samordne tilbodet ut frå kostnad ved skyss og organisering av pedagogressursar i einingane. Kostnad 80% pedagogstilling 5 mnd = **kr. 216 000.-**

Behov 4: Klage på tilskott 2015 frå privat barnehage og refusjonskostnad for barn i barnehagar i Ulsteinvik

Ved nedlegging av Hjørungavåg barnehage i 2014 valte fleire foreldre å søke plass i barnehagane i Ulsteinvik. Hareid kommune må betale refusjon for desse borna på ca. kr. 1,25 mill.- Kostnadane er ikkje medrekna i oppvekst sitt budsjett for 2015. Den private barnehagen har sendt inn klage på vedtak om kommunalt tilskott blant anna knytt til søskenmoderasjon. Kommunen gjorde ein feil i 2011, og etter div. klagerundar, krav om overføring i 2015 vart det etterbetalt kr. 216 033.- Samla kostnadar ca. **kr. 1 460 000.-**

Behov 5: Mottak av flyktningar haust 2015

Hareid kommune har teke mot ei familie med 4 born i barnehage og skulealder. Det eine barnet er sterkt funksjonshemma og pleietrengande. Skulen har tilsett 100% assistent. Det er ytterlegare behov for fysiske tilretteleggingar med grupperom og stellerom. Noko av kostnadane vil bli refundert etter søknad til UDIR jf. Rundskriv 2015/2: *Tilskudd til bosetting*.... Tilskottet dekker ikkje fysisk tilrettelegging – kr. **200 000.-**

Behov 6: Utgifter til barn med dokumentert behov for styrking av barnehagetilbodet 2015

Sektorane har i 2015 fått ei ekstra lønsutgift på kr 465 000 til styrking av tilbodet/tilsyn av barn med somatisk diagnose /syndrom, samt lønn til styrking av tilbod til funksjonshemma kr 545 000,- jf. sak 2015/631. Samla **kr 1,1 mill.**

Behov 7: Auke i tal born med spesialpedagogiske tiltak 1 klasse – Hareid skule

Frå barnehagane er det kome til fleire born i 1. klasse med større spesialpedagogiske tiltak (ca.250% stilling knytt til vedtak), enn ressursar knytt til spesialpedagogiske tiltak for elevar ved 7.trinn (gått over i ungdomskulen). Ressursane knytt til desse borna har ikkje vore mogleg å flytte frå barnehage til skulen, då nye barn med spesialpedagogiske behov og tiltak (nye sakkunnige tilrådingar) har kome til, mellom anna ved tilflytting.

For 5 mnd - **Kr. 540 000.-**

C1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore ein del underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

C2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,4%.

C3 Auke i tilskott privat barnehage 2016

Tiltaket er berekna ut frå lover og reglar knytt til forskrift om likehandsaming av ikkje-kommunale barnehagar og rekneskap 2014. Det vil vere ei auke av tilskott for privat barnehage med kr.3 mill. for 2016. Rådmannen vil gjere merksam på at tilskottet kan bli høgare då departementet fortsatt ikkje har alle tal klare jf. ny lovendring. Ei ev. auke ut over 3 mill. må takast inn i revidert budsjett 2016.

C4 Kontor for felles IT kostnadar – konto 12400 service og reperasjon – Hjørungavåg skule

Konto for felles IT kostnadar er stigande og skulen sin post dekker ikkje auke i IT kostnadar

C5 Kontor for felles IT kostnadar – konto 12400 service og reperasjon – Hareid skule

Konto for felles IT kostnadar er stigande og skulen sin post dekker ikkje auke i IT kostnadar

C8 Ny ordning 2015 - Redusert foreldrebetaling

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling. Om maks pris er høgare enn 6% av den samla inntekta til familien eller hushaldet, skal ein ha ein redusert pris. Det vart innført mai 2015. Dette gjelder både kommunale og private barnehagar.

C6; C7: C9; C10 Driftsreduksjonar

Oppvekst til liks med dei andre sektorane, er pålagt å gjere kutt i driftsrammene. Desse tiltaka vil resultere i ulike kutt i pedagogstillingar ved alle skulane i Hareid.

For å halde framlagde økonomiske rammer for 2016, må sektoren inn i eit omfattande omstillingsarbeid for å ta ned drifta i skulane- og barnehagane. Tilpassingstiltaket for oppvekst er på kr. **2 mill.** Driftstilpassingane vil måtte føre til reduksjon i tenestetilbodet i skulane og det vert innafor gitte rammer, vanskeleg å gi fullt ut eit tilbod i tråd med opplæringslova. Rådmannen held fast på bemanninga som ligg føre i barnehagane. Barnehagane vert drifta særskild kostnadseffektivt under landsgjennomsnittet med kr. 102 000.- pr. barn (KOSTRA 1.10.2014). Dei kommunale barnehagane ligg pr. dags dato heilt i grenseland med pedagogisk bemanning etter barnehagelova. Dei kommunale midlane til tidleg innsats vert fordelt ut til alle barnehagane, både den private og dei kommunale, etter søknad og behov. Det er for 2015 meldt inn behov for ca. 900% stilling frå einingane. Hareid kommune har lagt til rette for 544% stilling. Prioritering for tilrettelegging for tidleg innsats i barnehagane er særskild naudsynte tiltak for å førebygge skeivutvikling hjå barn i risikosonene. I eit samfunnsøkonomisk perspektiv vil det vere lite tenleg å kutte i pedagog/fagarbeidarstillingar. Med denne vurderinga har rådmannen lagt nedtrekk i ramma til skulane

Oversikt over nedtrekk med konsekvensvurdering:

1. Nedtrekk i tal pedagogstillingar ved skulane – 310% fordelt

Skulane i Hareid har gjennom lengre tid vore drifta utan tilstrekkelege ressursar til å kunne tilby alle lovpålagde tenester. Manglande tilbod om leksehjelp, særskild norskopplæring, morsmåloplæring, tilpassa opplæring med tilstrekkeleg delinstimar i basisfaga, er noko av vilkåra skulane jobbar ut frå. Manglande lovpålagde tilbod kan føre til sosial skeivutvikling og lærevanskar på dei lågaste trinna og auke behovet for spesialpedagogiske tiltak på eit seinare tidspunkt. Behov for spesialpedagogiske tiltak er aukande i skulane i Hareid. Fleire av desse borna har større samansette vanskar og krev større ressursar. For at sektoren skal kunne drifte innafor gitte rammer i 2016 og med vedteken struktur og organisering av opplæringstilbodet i kommunen, må sektoren ta ned drifta ytterlegare ved skulane. Skulane har særskild stramme driftsbudsjett og det er ikkje mogleg å redusere andre postar i budsjetta enn lønnspostar. Tiltak som vert gjennomført er reduksjon i pedagogstillingar etter slik fordeling:

- 20% reduksjon pedagogstilling Bigset skule
- 150% reduksjon pedagogstilling Hareid skule
- 10% reduksjon pedagogstilling Hjørungavåg skule
- 130% reduksjon pedagogstilling Hareid ungdomskule

Ei pedagogstilling inkl. sosiale utgifter vert kostnadsberekna til ca. kr. 650 000.-
3,10% pedagogstillingar = ca.kr. 2,0 mill.

Tiltaka må settast i verk frå nytt budsjettår for å kunne klare innsparringane og redusere konsekvensane i opplæringstilbodet til elevane. Tiltaka må gjennomførast ut frå ei vurdering som tar opp i seg omorganisering ved den ein skule og eventuelt reduksjon i tenestetilbodet til elevane i ulike fag som kunst & handverk, fysisk aktivitet, mat & helse, valfag. Vidare må ein sjå på moglegheit for plassering av nye 1. klassingar ut frå kor store klassane er ved dei ulike skulane. Dette krev politisk vedtak der ein kan sjå bort frå gjeldande kringsgrenser for inntak av nye 1.klassingar. Tiltaket vert vurdert blant anna ut frå å kunne unngå klassesdeling ved sentrumsskulen.

Konsekvensar: Reduksjon eller kutt i tenestetilbodet vil vere eit direkte brot med opplæringslova ut frå dei rammene skulane driftar etter i dag, og slike kutt vil kunne føre til både tilsyn og pålegg frå fylkesmannen om å opprette tilbodet igjen.

Reduksjon av praktisk estetiske fag som mat og helse, kunst og handverk, valfag m.m. vil påverke moglegheit for praktisk retta variasjon i opplæringstilbodet hjå elevane. Variasjon i undervisninga og arbeid med praktisk estetisk fag er ein viktige faktor for motivasjon og mestringssoppleving hjå mange av elevane.

Å gi tilbod til nye 1. klassingar ved andre skular en nærskulen vil vere i strid med nærskuleprinsippet og retten til opplæringstilbod ved den skulen som ligg nærast der barnet bur, gitt etter kommunale kringsgrenser. Lova opnar likevel for å kunne fylle opp klassar ved andre skular dersom skulen ikkje er dimensjonert for tal elevar på dåverande tidspunkt (Rådmannen viser til praksis i Volda kommune og vurderingar hjå Fylkesmannen i M&R.)

7.3 Investeringar

7.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
I - 18	Skulane – utskifting av datamaskiner	300	200	200	200
I - 19	Hareid ungd.sk. – sløydbenkar og stolar	50	100	0	0
I - 20	Utstyr Oppvekst - programvare	0	100	0	0
I - 21	Bigset barnehage - tilbygg	0	200	0	0
I - 22	Bygningar Oppvekst - inneklima	300	200	200	200
I - 23	Hareid barnehage - ventilasjon	0	60	60	0
I - 24	Hareid skule - grupperom	100	0	0	0
I - 25	Syverplassen barnehage - asfaltering	0	0	100	0
I - 26	Barnehagar - inventar	100	0	0	0
Sum sektor for Oppvekst		850	860	560	400

Som del av budsjettet legg Regjeringa fram ein *tiltaksplan* for økt sysselsetting. Tiltaka i pakken er mellombelse. Ein betydeleg del av tiltaksplanen gjeld *vedlikehald og bygg*

Ein reknar med at Hareid kommune vil kunne nytte knapt 500 000 kroner av denne pakken og det er lagt inn bruk av denne pakken til fylgjande tiltak innan Oppvekst:

Bigset skule – solskjerming.....kr 30 000

Hjørungavåg skule – solskjerming.....	kr 10 000
Hareid ungdomsskule – kontor plass lærar.....	kr 20 000
Bigset barnehage – utebod.....	kr 50 000
<u>Hareid ungdomsskule - nytt golvbelegg.....</u>	<u>kr 160 000</u>
<u>SUM.....</u>	<u>kr 270 000</u>

Solskjerming skule og barnehage:

Ved Bigset barnehage, Bigset skule og Hjørungavåg skule er det behov for solskjerming ved fleire klasserom og personalrom samt uteområde i barnehagen

Hareid ungdomsskule – kontor plass lærar:

Ny arbeidsavtale for lærarane krev at dei skal vere til stades på arbeidsplassen utover undervisningstid. Arbeidsgjevar er plikta til å legge til rette for kontorarbeidsplass (kontorpult)

Utebod Bigset barnehage:

Det er behov for ei utebod for oppbevaring av leikar, sykklar m.m.

Hareid ungdomsskule – nytt golvbelegg:

Golvbelegg i aula er slitt. Nytt golvbelegg er kjøp inn, men ikkje lagt ned.

7.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I - 18 Skulane - utskifting av datamaskiner

Situasjonen når det gjeld IT-utstyr i skulane byrgjar å bli kritisk. Utskiftingstakta på maskiner til lærarar og elevar held ikkje tritt med forfallet og alder på eksisterande maskinpark. Eit alternativ til å kjøpe er å leige sjølv om dette på sikt vert ei dyrare løysing. Ein kan då skifte ut maskinene i faste intervall og maskinene er forsikra i leigeperioden

I -19 Hareid ungdomsskule - sløydbenkar og stoler

Behov for oppgradering /innkjøp av nye sløydbenkar og stolar

I - 20 Utstyr Oppvekst – programvare

Oppvekst treng innføre nytt it administrativt system. Gamalt system er ikkje kompatibelt med nye økonomisystem /ePhorte m.m. Heller ikkje eit framtidsretta adm. system (kjøp, implementering, opplæring

I - 21 Bigset barnehage – tilbygg

Utviding av vognrom/ ev. påbygg

Behov for større plass til vogner då barnehagen har fått ei dobling av tal små barn som skal sove. Ikkje vore oppgradert sidan nybygg 1992. Dagens rom er ikkje tilfredstillande ang. tilkomst med smal gang og sikkerheit ang. brann

I-22 Bygningar Oppvekst - inneklima

Det ligg føre rapportar frå kartleggingar av inneklima ved alle fire skulane våren 2015. Desse rapportane syner omfattande behov for tiltak for utbetring av inneklima ved alle skulane. Rapport avdekkar mellom anna muggsopp, manglande lystilhøve, behov for lyddemping, manglande ventilasjon m.m.

I - 23 Hareid barnehage – ventilasjon

Barnehagen har dårleg ventilasjonsanlegg/ute av drift i stor avdeling

Tilsynsrapportar og avvik langt tilbake i tid ligg føre. Barnehagen er ikkje godkjent pr. dags dato på grunn av manglande ventilasjon

I - 24 Hareid skule – grupperom

Skulen har behov for fleire grupperom for å kunne differensiere og tilpasse undervisning. Skulen har fleire born med særskilde behov som krev eigne rom i periodar av dagen.

I - 25 Syverplassen barnehage – asfaltering

Behov for asfaltering av område kring barnehagen

I - 26 Barnehagar - inventar

Vegghengde garderobebenkar til Bigset og Syverplassen barnehagar.

Garderobebenkane kan utgjere helsefare ved leik for mindre barn. Dei kan kvelve og barn kan både få dei over seg og fare for kveling ved snorer på sekkar, klede. Fingrar kan kome i klem, sitte fast i riller m.m. Vil også lette reinhald.

7.4 Overordna målsettingar

7.4.1 Hovudmål

- Overordna kvalitetsplan for oppvekst 2016-2020 skal ferdigstillast og implementerast som styrings- og planleggingsverktøy i heile sektoren, inkludert PPT, barnevernet og helsestasjonen.
- Sektoren skal utvikle seg gjennom skule- og barnehagebasert kompetanseutviklingsprosessar tilrettelagt på eigen arbeidsplass og gjennom felles utviklingsdagar, nettverk og leiarutviklingsprogram. Kompetanseutviklinga skal ta opp i seg arbeidsmåtar og verktøy som fremjar kollektive læringsprosessar, refleksjon over eigen praksis, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling internt i eiga eining og i nettverk på tvers av skulane og barnehagane.
- Sektor for oppvekst skal vere pådrivar for tett samarbeid og samhandling med tillitsvalde for å legge til rette for gode arbeidsvilkår og auke elevane sitt læringsutbytte
- Det skal arbeidast systematisk med å utvikle gode, trygge og motiverande læringsmiljø med fokus på medverknad i eige læringsarbeid, undervegsrettleing, tidleg innsats og heim-skule/barnehagesamarbeid
- Det skal arbeidast med relasjonell kompetanse og autoritativt leiarskap på alle nivå i sektoren. Det skal arbeidast systematisk og kunnskapsbasert med vaksenrolla knytt til pedagog, fagarbeidar, assistent og leiarar.

7.4.2 Utviklingsmål

- Sette i gang leiarutviklingsprogram som skal vidareutvikle kompetanse til å leie systematiske og kollektive læringsprosessar på eigen arbeidsplass, relasjonsferdigheiter og samhandlingskompetanse hjå leiarar på alle nivå i sektoren
- Gjennom utviklingsarbeidet «Vurdering for læring» og DUB prosjektet i barnehage/ skule, samt «Tidleg innsats» på 1,2 og 8.trinn i skulane, skal vi arbeide systematisk, kontinuerleg og målretta med kollektive læringsprosessar og arbeidsmåtar som fremjar endringskompetanse hjå pedagogisk personale i sektoren.
- Alle pedagogar i skulane i Hareid skal utarbeidet tydlege mål for læringsarbeidet slik at elevane forstår kva dei skal lære (Vurdering for læring: Prinsipp 1 og 2)
- Utvikle praksis for framovermeldingar til elevane – Elevane skal vite kva som vert forventa av dei (Vurdering for læring: Prinsipp 1 og 3)
- Det skal utviklast system for vurdering/tilbakemelding og oppfølging på arbeidet til einskildeleven (Vurdering for læring 2 og 3)

- Skulane skal vurdere/revurdere kartleggingsverktøy som er i bruk og bruke desse aktivt i læringsarbeidet. Verktøya skal gjerast kjend og nyttast i heile sektoren.
- Det skal utviklast felles rutinar for heim-skule/barnehagesamhandling med faste skule- og barnehagefaglege tema gjennom året.

Grunnskule

STYRINGSKORT GRUNNSKULE		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
7.trinn: Støtte frå lærar	4,2	4,5
7.trinn: Vurdering for læring	3,5	4,0
10.trinn: Støtte frå lærar	3,7	4,0
10.trinn: Vurdering for læring	3,0	4,0
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100%
Næversprosent medarbeidarar	93%	94%
Stoltheit over arbeidsplassen (skala 1-6)	4	5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf. - / mindref. +)	0%	0%

*Styringskortet er felles for dei fire skulane i Hareid. Måltal som er nytta i styringskortet er henta frå elevundersøkinga, budsjett/rekneskap.

Barnehage

STYRINGSKORT FOR BARNEHAGANE		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Alle barn med kartlagt behov for styrka tilbod, skal ha positiv utvikling		100%
Gjennom årlege barnesamtalar skal vi kartlegge og legge til rette for at alle barn skal ha minst ein ven i barnehagen og oppleve godt vennskap		100%
I kor stor grad er du nøgd med barnehagen sin interesse for dine synspunkt?		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomførte medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	93%	94%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)	5/6	6
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf.-/mindref.+)	0%	0 %

*Styringskortet er felles for dei kommunale barnehagane i Hareid

8 SEKTOR FOR VELFERD

Kommunalsjef Berit Aasen

8.1 Sektorstruktur

Sektor for velferd vert leia av kommunalsjef.

- Helse og koordinerende eining.
- Bu- og habilitering
- Sjukeheim - Somatisk eining
- Sjukeheim - Skjerma eining
- Eining for Heimetenester
- Institusjonsskjøkkenet er leia av kjøkkensjef.

8.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for velferd, har satt seg som mål å bli ein kvalitets- og kompetanse organisasjon. Det vil krevje langsiktig planlegging for å kunne nytte tilgjengelig kompetanse og ressursar på den best tenelege måten for organisasjonen. Det er viktig å ha ei målretta og bevisst haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester

Sektor for velferd ser på dei tilsette som tenesta sin viktigaste ressurs. Vi må legge til rette for at dei tilsette har dei naudsynte kvalifikasjonane, kunnskapane og haldningane, for å kunne sikre kvalitet på dei tenestene vi skal yte til innbyggjarane i Hareid kommune. Fokus på rett kompetanse, på rett plass og til rett tid, vil vere med å bidra til å sikre gode, effektive og trygge tenester.

Det vil vere fokus på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt. For å kunne møte framtidens utfordringar må ein bruke ressursane på best tenleg måte. Brukarar og pårørande må ha nok informasjon for å kunne vite kva tenester dei kan forvente seg i Hareid kommune.

8.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Regjeringa har satt opp 5 hovudsatsingsområder, og oppmodar kommunane til å sette fornying og forbedring av omsorgssektoren på dagsorden i kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

1. Saman med brukar , pasient og pårørande: brukaren skal få større innverknad over eigen kvardag, gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod.
2. Ei fagleg sterk helse- og omsorgsteneste: sikre ei berekraftig helse- og omsorgsteneste i framtida.
3. Moderne lokale og buformer: framtida sine sjukeheimar og omsorgsbustadar skal bli utforma for å stette behov for morgendagen sine brukarar, som vil omfatta alle aldersgruppe i samfunnet.
4. Den nye heimetenesta: Tenesta har den største auken i tal på brukarar. Dette har bakgrunn i ei tredobling av yngre brukarar under 67 år, kortare liggetid ved sjukehus og eit aukande tal på eldre i kommunen.
5. Fornyng og innovasjon: Nye løysingar må bli utforma for å mobilisere samfunnet sine samla omsorgsressursar, ta i bruk ny teknologi, utarbeide nye faglege metodar, og innovasjonsarbeid.

8.2 Årsverk og driftstiltak

8.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2014	Årsverk 01.01.2015	Forventa årsverk 01.01.2016
Velferdskontor	2,5	2,5	3,5
Helse og koordinerende eining	12,1	12,5**	12,22*
Skjerma eining	11,26	11,26	13,47**
Somatisk eining	22,9	22,9	26,09
Kjøkken	4,29	4,29	4,29
Heimetenestene	20,73	20,73	24,08
Bu- og habiliteringseininga	25,41	25,41	27,58
Samla årsverk	99,19*	99,59**	111,23 årsverk***

*Folkehelsekoordinator overført til rådmann stab.

** Naudsynte tiltak med auka bemanning kveld

*** Det er ein auke i faste tilsetingar p.g.a. krav om fast stilling i samsvar til HTA. Lønsmidlar er flytta frå vikar til fast lønn.

8.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2016 – 2019 VELFERD (D)		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
D	B1 2015	80376			
D0	Sum konsekvensjustering	-291			
D1	Sum artsavhengigheit	3952			
D2	Sum prisjustering	2044			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	86081	86081	86081	86081
D3	Ekstra utgift til fagdag i turnus	311	311	311	311
D4	Leasing av skrivear og kopimaskiner	70	70	70	70
D5	Leasing og drift av transportmiddel	80	80	80	80
D6	Helsesøster 80%	523	523	523	523
D7	Budsjettjustering 1 – auke inntekter kjøkken	-400	-400	-400	-400
D8	Budsjettjustering 2 – redusere vikarutgifter	-19	-19	-19	-19
D9	Budsjettjustering 3 – redusere vikarutgifter	-11	-11	-11	-11
D10	Budsjettjustering 4 – redusere vikarutgifter	-80	-80	-80	-80
D11	Budsjettjustering 5 – redusere vikarutgifter	-80	-80	-80	-80
D12	Budsjettjustering 6 – redusere vikarinnleige	-57	-57	-57	-57
D13	Budsjettjustering 7 – redusere vikarutgifter	-11	-11	-11	-11
D14	Budsjettjustering 8 – redusere vikarinnleige	-6	-6	-6	-6
D15	Budsjettjustering 9 – redusere vikarutgifter	-319	-319	-319	-319
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	86081	86081	86081	86081

D0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, resultere i konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir normalt eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. I Velferd er det ein særskilt årsak til at sum konsekvensjusteringar og årsverksutviklinga synt i tabell ovanfor, ikkje heng i hop. Tilsynelatande har det vore ei stor volumauke når ein ser på årsverkutviklinga. Men dersom ein ser på talet for konsekvensjusteringa kan det sjå ut som om det derimot har vore ein reduksjon av driftsvolum. Årsaken til dette er at tilsettingsstoppen, som har vore gjeldande i meir enn fire år, har fått uønskte verknader. Sektoren har hatt trong for arbeidskraft, men har i stor grad måtta nytte vikarar for å få turnusen til å gå rundt. Når ein vikar har vore tilsett ei viss tid, utløyser dette krav om fast stilling. Og dette har då også skjedd i stor grad. Det er likevel ikkje slik at sektoren har overskot på arbeidskraft. Situasjonen er heller motsett. Men det som er uheldig er at arbeidsgjevar mistar mulegheita til å planlegge ressursane og også mistar mulegheita til å lyse ut stillingane, for på den måten å kunne søke etter kandidatar med akkurat den kompetansen ein har trong for. Etter kvart som talet på faste stillingar aukar, vert budsjetterte vikarkostnader reduserte og dette er årsaken til at sum konsekvensjusteringar indikerer ein reell reduksjon i driftsvolum.

D1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore markert underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

D2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,4%.

D3 Ekstra utgift til innføring av fagdag i sektor turnus

Sektor for velferd har som hovudmål å bli ein organisasjon bygd på kvalitet og kompetanse. Det er ikkje fast avsett tid i arbeidstida til å drive kvalitets og kompetanseutvikling, og det er naudsynt å finne ei ordning som kan betre kvaliteten og effektivitet på dei tenestene som blir gitt.

Sektor for velferd har fire einingar som har 24 timer drift heile året. Dette gjer det utfordrande å samle alt fast personale til dømes til kompetanseutvikling, planlegging av arbeidet i avdelinga, oppfølging av rutinar og kvalitetssikring. Det har utvikla seg eit godt samarbeid med tillitsvald apparatet, og det har kome til sameining om at ein skal satse på å bygge opp fagutviklingsdag på alle einingane

Skildring av tiltaket.

Tiltaket skal gjelde alle faste tilsette i 50% stilling og oppover. Det skal leggst til rette for samarbeid mellom avdelingane for å kunne gjennomføre fagutviklingsdagane.

Somatisk, skjerma og heimetenestene: Fagdag i turnus vil innebære at ein får samla alle tilsette ein dag kvar 6. veke, dette inneberer sju fagutviklingsdagar per år p.g.a. ferieavvikling.

Bu- og habilitering: Fagdag i turnus vil innebære å samle alle faste tilsette ein dag kvar 12 veke, dette inneberer fire fagdagar per år. Bu- og habiliteringseininga har andre møtetidspunkt p.g.a. ansvarsgruppemøte, og har derfor redusert tal fagdagar i turnus.

Helse- og koordinerande eining: Alle tilsette har dagarbeid, og har andre møtepunkt i løpet av arbeidsdagen. Fagdag blir halde fire dagar per år. Dette inneberer ei felles samling for alle tilsette med fokus på tema som femnar alle. Så eit individuelt opplegg for den enkelte faggruppe for å jobbe med kvalitetssikring og forbetring av tenestene.

Kjøkken: Fagdag blir halde fire fagdagar per år. Det skal utarbeidast ein plan for tema som bidreg til kvalitetssikring og betring av tenestene.

Dokumentasjon

Det er viktig å dokumenter endring og effekt av nye tiltak. Det blir lagt opp til ei skalamåling før innføring og etter eitt år. Det er og lagt inn eit mål om reduksjon av sjukefråværet som kan lett kontrollerast med personalavdelinga.

Skalamåling (1-10) : tema med ulike spørsmål knytt til dei

1. Auka kvalitetssikring av tenestene i form av fleire skriftlege prosedyrar
2. Opplever auka trivsel og motivasjon
3. Redusert sjukefråvær , målast avdelingsvis
4. Godt omdøme skal bidra til auka rekruttering

Forventa effekt og mål av tiltaket.

-Kompetanseheving

-Kvalitetssikring av tenestene

-Koordinering av tenestene som fremmar kvalitet og effektivitet

-Auka trivsel og motivasjon hjå dei tilsette

-Auka nærværs prosenten

-Omdømmebygging

-Rekrutteringstiltak

D4 Leasing av skrivarar og kopimaskiner

Stor auke i utgifter til skrivarar/kopimaskiner i samband med utskifting fornyingar og leasingavtalar. Summen gjeld for heile sektor for velferd.

MÅL: Balanse mellom utgifter og tildelte ressursar

D5 Leasing og drift av transport middel

Heimesjukepleia har 6 leasingbilar. Rammene er for låge til drift av bilane. Dette gjeld både drivstoff, service, eigenandel på skader og skader som forsikringa ikkje dekker.

MÅL: Balanse mellom utgifter og tildelte ressursar

D6 Helsesøster 80%

I statsbudsjettet 2015 kom det føringar om satsing på helsesøster tenesta, men Hareid kommune prioriterte ikkje dette sist. Helsesøstertenesta i Hareid klarer ikkje å følgje dei gjeldande retningslinjene, og det blir meldt avvik for oppfølging av barn og ungdom. Det er i framtidas helsetenester fokus på dei førebyggjande tenestene, og helsesøstertenesta er sentral i dette arbeidet.

MÅL: Sørge for at Hareid kommune sikrar god og førebyggjande helsesøsterteneste.

D7; D8; D9; D10; D11; D12; D13; D14 Innsparingstiltak

Alle desse tiltaka er tiltak som ikkje krev politisk godkjenning, då det ligg innanfor rådmannen sitt mynde å gjere endringar. Dei er likevel tekne med som informasjon og for å synleggjere at Velferd sitt samla tilfang av føreslegne tiltak held seg innanfor ramma på maksimalt 0

kroner i nye tiltak. Det er rådmannen som har pålagt Velferd å halde seg innanfor denne ramma.

Det er satt inn restriksjonar for leige av vikar ved alt fråvær av fast personale. Dette gjeld både ved kort- og langtidssjukdom, permisjonar, vakansar og ferie. Det vil berre bli leigt inn vikar om det er grunnlag for vurdering opp mot nødvendig helsehjelp. Restriksjonar for leige av vikar er innført ved alle einingar.

1. Ansvar 4025 Kjøkken: Prisjustering for fullkost ved Hadartun til eit nivå som dekkjer dei faktiske utgiftene på tilbodet. Dette går fram av heftet for betalingssatsar.
2. Ansvar 3160 Dagsenter: Dette kan medføre eit redusert tilbod om dagsenter ved fråvær av personale.
3. Ansvar 4022 Skjerma eining: Det kan medføre eit redusert tilbod om miljøterapi for brukarane og redusert tid til samarbeid med pårørnde.
4. Ansvar 4023 Somatisk eining: Det kan medføre eit redusert aktivitetstilbod i kvardagen for brukarane. Nødvendig helsehjelp vil bli prioritert.
5. Ansvar 4031 Heimetenestene: Det kan medføre redusert tilsyn med brukarar, auke bruk av ringetilsyn, redusert dusjtilbod. Naudsynt helsehjelp vil bli prioritert.
6. Ansvar 4038 Hadartun omsorgsbustadar: Det kan medføre redusert tilsyn med brukarar, redusert hjelp til aktivitetsformål og redusert dusjtilbod. Det vil ikkje bli satt inn vikar for heimehjelp ved fråvær i arbeidsgivarperioden, og det vil bli gitt eit redusert tilbod ved ferieavvikling og høgtid. Nødvendig helsehjelp vil bli prioritert.
7. Ansvar 4050 Bu- og habilitering: Dette vil medføre at tilbod om sosiale aktiviteter vil bli redusert, og det vil ikkje bli mogleg å følgje brukar til sosiale tilbod utanfor bustad. Det vil ikkje bli leigt inn vikar ved fråvær, om det ikkje ligg føre vedtak om 1:1 bemanning.

8.3 Investeringar

8.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
I - 27	Wi-Fi Sjukeheimen for velferdsteknologi	200	0	0	0
I - 28	Sjukeheimen - velferdsteknologi	300	0	100	0
I - 29	Sjukeheimskjøkken - utstyr	0	100	0	100
I - 30	Tryggleiksalarmar til heimebuande	300	0	100	0
I - 31	Hadartun uteområde – planl. / prosj.	0	150	0	0
I - 32	Hjellebakken – oppgradering bustader	0	300	100	100
I - 33	Nytt helsesenter – planl. og utbygging	350	0	0	0
I - 34	Omsorgsbustader Hadartun – rehab.	700	700	700	700
I - 35	Omsorgsbustader Pålh. – grunnverv	1000	0	0	0
I - 36	Omsorgsbustader Pålh. – prosj. / utb.	0	200	3000	0
I - 37	Sjukeheimen – oppgradering bad	100	100	100	100
I - 38	Sjukeheimen – rehabilitering 4. etasje	0	0	0	1 000
I - 39	Sjukeheimen - taktekking	0	1600	0	0
I - 40	Sjukeheimen - Ventilasjon	0	0	800	1000
I - 41	Sjukeheimen – Ventilasjon buavdelinga	100	0	0	0

Sum sektor for Velferd	3050	3150	4900	3000
------------------------	------	------	------	------

Som del av budsjettet legg Regjeringa fram ein *tiltaksplan for økt sysselsetting*. Tiltaka i pakken er mellombelse. Ein betydeleg del av tiltaksplanen gjeld *vedlikehald og bygg*

Ein reknar med at Hareid kommune vil kunne nytte knapt 500 000 kroner av denne pakken og det er lagt inn bruk av denne pakken til fylgjande tiltak innan Velferd:

Bårerom - Sjukeheimen.....kr 200 000

8.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 27 Wi-Fi Sjukeheimen for velferdsteknologi

Velferd har budsjettert med pengar til utbygging/utskifting av Velferdsteknologi på sjukeheimen (tryggleiksalarmer, signal-anlegg etc.) Dette er basert på trådløst nett og Sjukeheimen er ikkje klar for dette før ein har fått opp nærare 50 nye trådløstpunkt.

I – 28 Sjukeheimen – Velferdsteknologi

Forsking viser at nye og andre måtar å tilby tenester på er særskild viktig for å kunne tilby alle gode og forsvarlege helsetenester i framtida. Dette vil innebære ei satsing på velferdsteknolog. Hareid sjukeheim har per i dag ikkje eit pasientsignal anlegg som det er mogleg å knytte til seg teknologiske hjelpemiddel. Ved å oppgradere dette anlegget så vil det vere mogleg til dømes å ha sengealarmer (førebyggjer fall) døralarmer og naudalarmer tilknytt. Dette vil gi betre tenester til den enkelte pasient.

I – 29 Sjukeheimskjøkken – Utstyr

Kjøkkenet på Hadartun vil treng fornying og oppgradering p.g.a. krav frå Mattilsynet. Det er strenge krav til handtering av næringsmiddel, og kjøkkenet treng å oppgradere dagens utstyr til forventa standard.

I – 30 Tryggleiksalarmer til heimebuande

Hareid kommune har i dag tryggleiksalarmer basert på analog linje. Det vil vere naudsynt å gjere ei fullstendig fornying av tryggleiksalarmane og mottakssentralen ved overgang til digitale linjer. Retningslinjene til staten tilseier at alle kommuner må vere klar til dette i løpet av 2017. Dette vil også innebære ei investering i nøkkelbokser, som gjer til at brukarar kan få raskare og sikrere hjelp.

MÅL: sørge for at Hareid kommune kan tilby tryggleiksalarmer til befolkninga

I – 31 Hadartun uteområde – planlegging / prosjektering

Det er ynskjeleg å skape eit betre uteområde for bebuarane ved både omsorgsbustadane, dagsenteret og sjukeheimen. Målet må vere at det er lett tilkomst og i tilknytning til hovudinngangen, for at bebuarane skal ha glede av det i det daglege.

I – 32 Hjellebakken – Oppgradering bustader

Hjellebakken, gamle bygget, har behov for oppgradering til dagens standard. Dette gjeld både leileghetene og felles arealet.

I – 33 Nytt helsesenter – planlegging og utbygging

Eksisterande helsesenter er bygd for distriktslege, turnuslege, helsesøster og to kontormedarbeidarar. No arbeider 5 fastlegar, 4 legesekretærar, 3 helsesøstre, jordmor og kontorfullmektig der. Bygget er for lite som det er. Det er behov for styrking av

helsesøsterbemanning og å få plass til turnuslege igjen. Arbeidstilsynet har kome med pålegg om utbetring av inneklime med trugsmål om dagsmulkt. Det er behov for nytt helsesenter, og i samband med det, har kommunestyret vedteke å greie ut muligheit for samlokalisering med andre tenester. For 2016 treng ein midlar til utarbeiding av forprosjekt. Prosjekter vart starta opp i 2015. Det vert lagt opp til vidare planlegging og prosjektering i 2016. Prosjektgruppa legg til grunn vidare samarbeid med innleigd konsulent og innanfor ei samla kostnadsramme på under kr. 500.000,- I denne summen ligg det inne midlar til prosjektkoordinert og kjøp av arkitektkonsept.

I – 34 Omsorgsbustader Hadartun – rehabilitering

Det er nødvendig å vedlikehalde og oppgradere omsorgsbustadane ved Hadartun. Dette gjeld både innvendig (kjøkken , bad, golvbelegg) og utvendig (veranda). Målet er å ta tilsyn i bustadane ved ledigheit, for å minske belastninga for bebuarane. Det er 3-4 bustader, som er periodevis ledig i løpet av eit år.

I – 35 Omsorgsbustader Pålhaugen – grunnerver

Bustadfelt Pålhaugen 2 skal vere eit sjølvfinansiert prosjekt og at Sektor Velferd gjennom sitt prosjekt kjøper naudsynt areal. Arealet er i dag i privat eige. Plan og utviklingsavd. har meldt inn tiltak for som gjeld vegggrunn. Midlane er tenkt nytta til grunnerverv av areal til 3 tomter som ein ynskjer å realisere omsorgsbustader på. Omsorgsbustadane er tenkt til unge vaksne, som har behov for tilrettelagt bustad.

I – 36 Omsorgsbustader Pålhaugen – prosjektering / utbygging

Pålhaugen er under arbeid for regulering , og det hastar med å få desse bustadane på plass. Hareid kommune har oversikta over barn og yngre vaksne som vil trenge tilrettelagd bustad i løpet av nokon år. Det er inngått ein samarbeid med organisasjonane , plan- og utviklingsavdelinga og sektor for velferd. Vi har skissert ei løysing der kvar eining vil bli tildelt brukar før planlegging og bygging. Vi kan på den måten tilpasse bustaden til den enkelte , og sikrar brukarmedverknad.

I – 37 Sjukeheimen – oppgradering bad

Det er nødvendig å oppgradere bad til dagens standard. Dette må gjerast ved oppstått skade eller ved ledighet av rom.

I – 38 Sjukeheimen – rehabilitering 4. etasje

Det er nødvendig for å ivareta bygget og kunne nytte bygningsmasse som er tilgjengeleg Det vil bli behov for ytterligare kontor lokalar i framtida.

I – 39 Sjukeheimen – takteking

Det har tatt ei vurdering av taket på sjukeheimen, som tilsei at det må planleggast ny takteking. Takbelegget på gamledelen er så dårleg/ sprøtt, at det er vanskeleg å foreta naudtettingar ved stadige lekkasjar. Taktekkjar har informert oss om at vi får håpe på ein fin vinter, så vi slepp lekkasjar.

Om det oppstår lekkasjar, må mange pasientrom evakuerast.

Prosjektet er skjøve ut til 2017 med håp om fine vintrar.

I – 40 Sjukeheimen – Ventilasjon

Aktuelle ventilasjon ligg i 3. etg. Denne ventilasjonen omfattar også vinterhagen. Nytt anlegg vil har kjøling, noko som gjer at dette store romet kan brukast også på soldagar. Det var planlagt at denne ventilasjonen skulles byttes ut for eit par år sidan.

I – 41 Sjukeheimen – Ventilasjon buavdelinga

Deler av buavdelinga er ikkje tilkobla det eksisterande ventilasjons anlegget, og dette må utbetrast for å sikre betre inneklima.

8.4 Overordna målsettingar

8.4.1 Hovudmål

- Arbeidsgivarpolitikken skal implementerast i heile organisasjonen.
- Sektor for velferd skal bidra til god omdømmebygging av Hareid kommune
- Sektor for velferd har eit mål om å vere ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon
- Sektor for velferd vil fremme tett samarbeid med tillitsvalde, med fokus på arbeidsmiljøtiltak og gode arbeidsvilkår for dei tilsette.
- Det skal vere fokus på forsvarlege tenester innafor tildelte økonomiske rammer.

8.4.2 Utviklingsmål

- Etablering av fagutviklingsdag i turnus på alle einingane.
- Fagutviklingsdagen skal bidra til kontinuerlig og planlagt kompetanseheving av helsepersonell
- Tilsette skal få tilbod om vidareutdanning, med støtte frå Kompetanseløftet frå Fylkesmannen.
- Det skal utviklast rutine for samarbeid med tillitsvalde
- Rutine for handtering av vedtak jamfør Forvaltningslova må etablerast
- 12 punktsplan for satsingsområder i 2016 skal utarbeidast av leiargruppa, og implementerast i heile sektoren
- Medarbeidarsamtaler: Det skal utarbeidast retningslinjer og rutinar for gjennomføring av medarbeidarsamtalar.
- Ressursstyring- fokus på godt leiarskap og kompetanseutvikling. Einingsleiarane vil veiledning og opplæring i godt og tydelig leiarskap, for å kunne nytte ressursane på ein best teneleg måte.

Helse og koordinerande eining

STYRINGSKORT VELFERD		
Helse og koordinerande eining	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Prioriterte målsettingar:		
Gjennomført skalamåling x 2 i 2015 ifølge Kompetanseplanen		100%
Gjennomført 4 fagutviklingsdagar		100%
Undervist i felles tema frå Kompetanseplanen 2015		100%
Undervist i ulike fagtema på einingar med fagutviklingsdag		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar*	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar*	95%	95%
God ressursstyring:		
Redusere avvik på budsjettert overtid (kontroll Agresso)		

Helse og koordinerande eining består av helsestasjon, skulehelseteneste, jordmorteneste, psykiatriteneste med aktivitetssenter, dagsenter for eldre heimebuande, ergoterapiteneste, kommunal og privat fysioterapi, støttekontaktordning, koordinerande eining og fastlegeteneste med legevakt.

Delmål:

- Eininga skal med sin spisskompetanse vere pådrivarar i habilitering- og rehabiliteringsarbeidet på tvers av einingane og elles i kommunen .
- Styrke samarbeidet med NAV og spesialisthelsetenesta, i høve personar med rus og psykiatrivanskar
- Eininga skal etablere rutinar for undervising for dei andre einingane i sektoren.

Bu- og habiliteringseininga

STYRINGSKORT VELFERD		
Bu- og habilitering	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar:		
Gjennomført skalamåling x 2 i 2015 ifølge Kompetanseplanen		100%
Gjennomført 4 fagutviklingsdagar		100%
Undervist i felles tema frå Kompetanseplanen		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	0%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	90%	94%
God ressursstyring:		
Redusere avvik på budsjettert overtid (kontroll Agresso)		

Bu og habiliteringstenesta yter tenester til følgjande grupper:

- Vaksne psykisk utviklingshemma i bustad.
- Avlastning til born og unge med særleg krevjande omsorgsbehov.
- Unge vaksne i eigen bustad som treng miljøarbeid i heimen.

Delmål :

- Etablere faste samarbeidsmøte med pårørande
- Fokus på brukarmedverknad
- Etablere gode rutinar for bruk av ressursar på tvers av områda

Sjukeheimen

Felles styringskort for begge sjukeheimseiningane

STYRINGSKORT VELFERD		
<i>Hareid sjukeheim- somatisk, skjerma og kjøkken</i>	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar		
Gjennomført skalamåling x 2 i 2015 ifølge Kompetanseplanen		100%
Gjennomført 4 fagutviklingsdagar (kjøkken)		100%
Gjennomført 7 fagutviklingsdagar (somatisk og skjerma)		100%
Undervist i felles tema frå Kompetanseplanen 2015		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	50%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	90%	95%
God ressursstyring:		
Redusere avvik på budsjettert overtid (kontroll Agresso)		

Skjerma eining

Skjerma eining har 17 pasientar. Alle har eige rom. Målgruppa er personar som vert vurdert til å ha behov for å bu ei mindre eining.

Delmål:

- Rutinar tilpassa personar med kognitiv svikt.
- Etablere miljøarbeid i kvardagsrutinane
- Vidareutvikle samarbeidsrutinar med pårørnde

Somatisk eining

Eininga har to avdelingar med til saman 31 plassar + ein plass for øyeblikkeleg hjelp.

Delmål:

- Pasientflyt skal primært skje på korttidsavdelinga.
- Å ta imot utskrivingsklare pasientar frå første dag.
- Øyeblikkeleg hjelp-plassen skal nyttast berre til denne pasientgruppa og berre lege kan legge inn pasientar som ø-hjelp.
- Alle pasientar med korttidsopphald skal få ein plan for oppfølging ved hjelp av tverrfagleg møte og samarbeid med pasient og eventuelt pårørnde.

Kjøkkenet

Kjøkkenet har ansvaret for:

- All mat og ernæring til pasientar ved sjukeheimen.
- Dei som bur i omsorgsbustadar har høve til å kjøpe middag og ha måltida i spisesalen.
- Heimebuande som har vanskar for å lage middag får dette bringa etter avtale
- Kjøkkenet driv catering til kommunale møter og arrangement i det omfang som kjøkkenet til kvar tid har høve til ut frå ressursane.

Delmål:

- Implementere bruk av matmerkingssystemet AIVO
- Rekruttere lærlingar til kokkefaget for institusjonskjøkken.
- Undervise sjukeheimspersonalet om ernæring
- Etablere rutinar for kartlegging av ernæring

Eining for heimetenester

STYRINGSKORT VELFERD Heimetenestene		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Prioriterte målsettingar		
Gjennomført skalamåling x 2 i 2015 ifølge Kompetanseplanen		100%
Gjennomført 7 fagutviklingsdagar		100%
Undervist i felles tema frå Kompetanseplanen 2015		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar*	0%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar*	94%	94%
God ressursstyring:		
Redusere avvik på budsjettert overtid (kontroll Agresso)		

Heimetenestene har ansvaret for desse tenestene: heimesjukepleie, omsorgsbustadar og praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Alle tenester blir tildelte med skriftleg vedtak etter søknad.

Delmål:

- Heimetenestene skal samarbeide med helse og koordinerande eining og korttidsavdelinga i arbeidet med kvardagsrehabilitering og tilrettelegging i heimen, slik at innbyggjarar i kommunen kan bu lengst mogleg i eigen heim.

Velferdskontor

Velferdskontor har fagleg og administrativ støttefunksjon til einingane.

Delmål:

- Vederlagsbetaling : samarbeide tett og godt med NAV, pasient/pårørande og økonomiavdelinga. Delta på interkommunalt nettverk for fagområdet.
- Hovudansvar for Kostrarapportane i sektoren.
- Rettleie leiarane i høve budsjett og rekneskap og grunnlag for fakturering av nokre tenester.
- Etablere gode rutinar for vedtak i samsvar med gjeldande lovverk.

9 SEKTOR FOR NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Kommunalsjef Oddbjørn Grimstad

9.1 Sektorstruktur

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling vert leia av kommunalsjefen og einingsleiarane for biblioteket, musikk- og kulturskulen og Ressurssenteret. Einingsleiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef.

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling omfattar desse resultateiningane:

- Kulturkontoret
- Ressurssenteret
- Biblioteket
- Hareid musikk- og kulturskule
- Trussamfunn
- Næringstiltak

9.1.1 Om tenestene

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling har ansvar for kommunale tenester som musikk- og kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring, flyktningkontor, introduksjonsprogram, Hareid sokn, trussamfunn, kommunal kulturpolitikk, kontakt med frivillig sektor, prosjekt innan utvikling av Hareids-samfunnet.

9.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeid

Arbeidet i sektoren vil vere å sikre kvalitet i alle einingar innanfor stramme økonomiske rammer. Ein vil fokusere på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver, og arbeide så langt råd er for ei effektivisering av drifta.

9.2 Årsverk og driftstiltak

9.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Årsverk 01.10.2015	Forventa årsverk 2016
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00	1,00
Sum adm. sektor	1,00	1,00	1,00	1,00
Kultur	0,31	0,31	0,31	0,31
Hareid Musikk og Kulturskule	4,59	4,28	4,28	4,40
Biblioteket	1,55	1,35	1,55	1,55
Ressurssenteret	8,47	7,49	7,49	8,89
Samla årsverk	15,92	14,43	14,63	16,15

9.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2016 – 2019 NÆRING KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING (E)		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
E	B1 2015	12506			
E0	Sum konsekvensjustering	-3836			
E1	Sum artsavhengigheit	417			
E2	Sum prisjustering	319			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	9405	9405	9405	9405
E3	Hareid i 100 år	100	0	0	0
E4	Innsparing budsjetttiltak Hareid i 100 år	-100	0	0	0
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	9405	9405	9405	9405

9.2.3 Kommentar til driftstiltaka

E0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Men i dette tilfellet vert det misvisande utan nærmare forklaring. Det leggst ikkje opp til ein stor volumreduksjon i sektoren, slik ein kan få inntrykk av ved første augekast. I realiteten vert det tvert i mot ei viss volumauke grunna meir aktivitet ved ressurscenteret. Årsaken til at det ser ut som om det motsette har skjedd, er at det vert gjort ei overføring frå finansområdet ved at deler av statstilskot til flyktningarbeidet (4.6 mill.) vert ført over til Ressurscenteret, då statstilskot bør først på den sektoren som i hovudsak har utgiftene. Her ligg også ein auke med 1,4 stilling ved Ressurscenteret for å møte elevauken, i hovudsak frå asylmottaket.

E1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore noko underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

E2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,4%.

E3 Hareid kommune 100 år

Hareid kommune kan markere 100 år som eiga kommune i 2017. I den samanheng inviterer Hareid historielag kommunen med for å lage eit praktverk om Hareids historie i 100 år. Boka vil bli ei samla framstilling av historia til kommunen vår og kva som har forma kommunen

desse åra mellom 1917-2017, med rikt bildemateriale, lesarvennleg på godt papir som ei praktbok. Boka er planlagt ferdig frå trykkeriet i september 2017.

E4 Innsparingstiltak

Sektoren skal redusere utgiftene med 100.000 kroner. Dette vert gjort ved å la kulturmidlane (75.000 kr) for 2016 gå ut, og ei innsparing (25.000 kr) av straumutgiftene i sektoren.

9.3 Investeringar

9.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
I - 42	Hareid kyrkje - inngangsparti	0	270	0	0
I - 43	Hareid kyrkje - nytt golv og varmesystem	0	0	0	1500
I - 44	Hareid musikkskule undervisningsbrakker	0	150	0	0
I - 45	Hareid musikkskule - ventilasjonsanlegg	150	0	0	0
I - 46	Kulturminneplan	150	0	0	0
I - 47	Ovrasanden - prosjektering og utbygging	0	0	200	1500
I - 48	Skilting kulturminne Ovra	0	150	0	0
Sum sektor for næring, kultur og samfunnsutv.		300	570	200	3000

9.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 42 Hareid kyrkje – inngangsparti

Nytt inngangsparti med universell utforming. Hareid kyrkje er ikkje godt nok tilrettelagt for rullestol-brukarar og andre rørslehemma. Ved legginga av nytt golv ynskjer ein å gjere korpartiet tilgjengeleg for alle. Men inngangspartiet vil framleis vere vanskeleg tilgjengeleg, då der er trappetrinn i to avdelingar, og toaletta er det uråd å nytte for ein person i rullestol. Dei er elles lite hygieniske for alle brukarar, då der er berre kaldt vatn. I tillegg er det stort behov for ei lita kjøkkenkrå, då det kvar søndag er kyrjekaffi etter gudstenestene, og også andre dagar i veka føregår det servering til born og unge i trusopplæring. Soknet ynskjer derfor å starte planlegging av eit nytt inngangsparti/våpenhus som tek omsyn til alle desse behova

I – 43 Hareid kyrkje – nytt golv og varmesystem

Nytt golv og varmesystem i kyrkeskipet. Etter søknad sendt juni 2014, fekk soknet igjen negativt svar frå riksantikvaren i januar 2015. Våren 2015 kom ein derimot eit langt skritt nærare ettersom dialog med konsulent i KA, Harald Ringstad, vart oppretta. Ringstad har lang erfaring frå liknande prosjekt i andre kyrkjer rundt om i Norge. Vidare prosess verkar lovande, og gitt finansiell dekning kan ein gjennomføre prosjektet i 2016. I samband med at varmeanlegget vert skifta vil ein også installere SD-anlegg, som til saman trulig vil meir enn halvere straumrekninga. Muligheit for stønad frå Rentekompensasjonsordning ettersom Hareid kyrkje er listeført som verneverdig.

I – 44 Hareid musikk- og kulturskule – undervisningsbrakker

Skal stette behovet for meir plass til undervisning

I – 45 Hareid musikk- og kulturskule - ventilasjonsanlegg

Oppgradering av ventilasjonsanlegget ved musikkskulen. Ventilasjonsanlegg ved dei indre romma i musikk- og kulturskulen har for liten kapasitet og fungerer sjeldan. Dårlig luft og dårleg inneklimate er resultatet.

I – 46 Kulturminneplan

Kulturminneplan. I samsvar med vedtekne og gjeldande planstrategi-dokument skal det utarbeidast ein kulturminneplan

I – 47 Ovrassanden – prosjektering og utbygging

Reguleringsarbeidet er forventast avslutta i inneverande år. Fører opp midlar til detaljprosjektering og utbygging (stipulert)

I – 48 Skilting kulturminne Ovra

Skilting kulturminne Ovra. Skilting av gravhaugane og kulturminna ved Ovra har vore i økonomiplanen lenge. Med ekstern hjelp frå kulturavdelinga på fylket vonar ein å kunne sette i verk dette arbeidet.

9.4 Overordna målsettingar

9.4.1 Hovudmål

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling skal yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren. Ein skal arbeide for eit stimulerande oppvekst- og kulturmiljø for innbyggjarane i kommunen, ved å utvikle det kulturhistoriske Hareid, støtte det frivillige arbeidet og gje bidrag til ei positiv utvikling for Hareid kommune.

9.4.2 Utviklingsmål

- Sikre gode arenaer og godt fritidsmiljø som fremjar god utvikling for innbyggjarane i kommunen
- Vere pådrivar for bygging av bustadar til flyktningar, så kommunen kan oppfylle sitt vedtak om å ta imot nye flyktningar i 2016
- Styrke arbeidet for å gje flyktningar og asylantar eit godt undervisningstilbod
- Arbeide vidare med å utvikle prosjekta/planane for Ovra og Kvitneset.
- Arbeide for å styrke fokus på budsjettet som styringsverktøy og redusere avviket mellom budsjett og rekneskap.
- Utvikle vidare arbeidet med styringskort for einingane

Hareid folkebibliotek

STYRINGSKORT Hareid folkebibliotek		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2016
Prioriterte målsettingar:		
Besøk ved biblioteket pr. innbyggjar	3,7	4,0
Bokutlån pr. innbyggjar 0-13 år:	9,54	11
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)		0 %

Musikk- og kulturskulen

STYRINGSKORT Musikk- og Kulturskulen		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2016
Prioriterte målsettingar		
1.Venteliste for elevar på gruppeundervisning bør vere null.	96%	98%
2.Andel born i Hareid 3-18 år som er elevar i musikk/kulturskulen bør ligge på 38%	96%	96%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100%
Nærværprosent medarbeidarar		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0%	0%

Ressurssenteret

STYRINGSKORT Ressurssenteret		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2016
Prioriterte målsettingar:		
Nå nasjonale fastsette mål for grunnskule og norskopplæring		
Introduksjonsordninga: Nå dei nasjonale måltala for overgang til arbeid eller utdanning		55%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)		0 %

10 SEKTOR FOR KOMMUNALTEKNISK DRIFT

Kommunalsjef Nils Yngve Nupen

10.1 Sektorstruktur

Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjon
- Vegar og gater
- Gatelys
- Park / grøntanlegg / idrettsanlegg
- Hamnevesen
- Vassforsyning
- Kloaknett
- Slamtøming
- Renovasjon

Eining kommunal eigedom/FDV har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjonsbygg
- Barnehagar
- Kulturbygg
- Helseinstitusjonar
- Industribygg
- Skuler
- Utleigebustader /bygg

10.1.1 Om tenestene

Kommunalteknikk og VAR:

Ansvarsområdet er leia av ein einingsleiar som har ansvar for økonomi og personal i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef.

Drift og vedlikehald av:

- Kommunaltekniske anlegg som veg, vatn, avløp/drens og overvatn
- Grøntanlegg, parkar og idrettsanlegg
- Hamner, og overordna ansvar for hamnesikring ISPS

Kommunal eigedom/FDV:

Ansvarsområdet er leia av ein einingsleiar som har ansvar for økonomi og personal i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef. Leiande vaktmester har dagleg ansvar for vaktmeistrane. Leiande reinhaldar har dagleg ansvar for reinhaldarane.

Eininga har ansvar for:

- å gjennomføre pålagde brannvern tiltak i kommunale bygg
- vedlikehald av bygningsmassen
- «e-fokus» og energioppfølging
- kontraktar/ økonomi ved utleige av husvære
- reinhald av formålsbygg
- at beredskapsplaner vert utarbeidd for sitt område
- forsikringssaker som vedkjem eininga
- utvikling og utarbeiding av nye prosjekt
- IK/HMS
- prosjektleiing av byggeprosjekt

10.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Å legge til rette for kvalitet i alle ledd. Styrking av fagmiljø, internkontroll og opplæring. Fokus på at drifta vert utøvd i samsvar med tildelte ressursar. Melde inn behov.

10.2 Årsverk og driftstiltak

10.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2014	Årsverk 01.10.2015	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2016
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00
Vegar	1,10	1,10	1,10
Park- og grøntareal	1,00	1,00	1,00
Vatn	4,20	4,20	4,20
Avløp	3,20	3,20	3,20
FDV-bygningar	1,00	1,00	1,00
Vedlikehald	3,45	3,45	3,45
Bustadkoordinator	0,50	0,50	0,25
Reinhald	11,99	11,99	11,99
Sum adm. sektor	3,00	3,00	3,00
Samla årsverk	27,44	27,44	27,19

Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2016 – 2019 KOMMUNALTEKNISK DRIFT (F)		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
F	B1 2015	12398			
F0	Sum konsekvensjustering	1435			
F1	Sum artsavhengigheit	38			
F2	Sum prisjustering	189			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	14060	14060	14060	14060
F3	Vedlikehald av nye vegar	200	200	200	200
F4	Pålagte kutt i driftsbudsjettet	-200	-200	-200	-200
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	14060	14060	14060	14060

10.2.2 Kommentar til driftstiltaka

F0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir normalt eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Sidan dette er første året med nytt budsjettssystem, har det vore gjort ein del oppryddingar, noko som kan gi innverknad på sum konsekvensjusteringar. Innanfor summen finn ein mellom anna utnulling av framskrivne inntekter på sjølvfinansierte tiltak og tilpassing mellom reelle utgifter og budsjett. Siste åra har det vore dårleg samsvar mellom faktiske utgifter til beredskap vintervedlikehald av veg, utgifter til drift av gatelyst, og inngåtte servicekontraktar innan drift av kommunale bygg. Under fast løn (frå lønsark) er det gjort ei endring ved at løn reinhaldarar under 7020 er flytta frå 10100 til 10750.

F1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore tilnærma korrekte for sektoren.

F2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,4%.

F3 Vedlikehald av nye vegar

Under denne posten er det sett opp kr. 200.000 til å kompensere for at reasfaltering av kommunale vegar ikkje lenger kan finansierast over investering, men i staden må dekkast av driftsbudsjettet.

F4 Pålagte kutt i driftsbudsjettet

Rådmannen har pålagt sektoren å spare inn 200 000 kroner og dette vert gjort gjennom diverse nedskjeringar i budsjettpostar.

10.3 Investeringar

10.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

ORDINÆRE PROSJEKT - 1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
I - 49	Gjerdselva 1, eigenandel	480	0	0	0
I - 50	Grøntanlegg - traktorklippar	0	150	0	0
I - 51	Hareid hamn – rehabilitering betongkai	0	0	1500	0
I - 52	Miljøprosj. – Kjøpm.gt. Bedehusparken	1000	1000	0	0
I - 53	Strandgata - gangveg	0	0	200	2400
I - 54	Trafikktrygging - fartsdemparar	100	0	1000	0
I - 55	Trafikktrygging – merking overgangar	100	0	100	0
Sum sektor for Kommunaltekn. drift		1680	1150	2800	2400

SJØLVKOSTPROSJEKT - 1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2016	ØP2017	ØP2018	ØP2019
	Avløp – Kjøpmannsgata				
I - 56	Bedehusparken	300	0	0	0
I - 57	Avløp – avskj. anl. Grimstad - Geilane	0	0	0	1800
I - 58	Avløp - Renseanlegg	0	0	5000	6500
I - 59	Avløp – Sidegrein Hovden-Mork	800	0	0	0
I - 60	Avløp – vakuumvogn (slamsugar)	130	0	0	0
I - 61	Avløp – Røyset – 1. byggesteg	2500	2500	0	0
I - 62	Fornyng/rehabilitering avløpsnett	850	500	500	500
I - 63	Fornyng/rehabilitering vassnett	400	400	400	400
I - 64	Kloakkpumpestasjon ved Godsterm.	300	0	0	0
I - 65	Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet	2000	0	0	0
I - 66	Vassforsyning Røyset – 1. byggesteg	2500	2500	0	0
I - 67	Vatn – Kjøpmannsgata Bedehusparken	300	0	0	0
Sum sektor for Kommunaltekn. drift		10080	5900	5900	9200

10.3.2 Kommentar til investeringstiltaka – ordinære prosjekt

I – 49 Gjerdselva 1, eigenandel

Førebygging av elva på oppsida av vegen Brekkane. L= 275 lm. Tiltaket er kostnadsrekna til 2,4 mill. der NVE står for prosjektering og utføring. HK må garantere for 20% av totalkostnad.

I – 50 Grøntanlegg - traktorklippar

Innen 2017 må ein pårekne innkjøp av ny traktorklippar til drift av grønntanlegg/idrettsbane.

I – 51 Hareid hamn - rehabilitering betongkai

Betongkaia må rehabiliterast dersom den skal kunne nyttast som transportkai.

I – 52 Miljøprosjekt - Kjøpmannsgata Bedehuset-parken

Kommunestyret har i møte den 19.06.2014 gjort vedtak med målsetting om utbygging av tekniske anlegg og installasjonar innanfor planperioden 2015-2018.

I – 53 Strandgata - gangveg

Gangveg Strandgata ca. 250 lm frå Statoil til oppkjørsel frå nordre molo. Stor trafikk i området gjer det utrygt for mjuke trafikantar.

I – 54 Trafikktrygging - fartsdemparar

Fartsdempande tiltak kommunale vegar
Mange førespurnadar om tiltak for å få ned farta i byggefelt.

I – 55 Trafikktrygging - merking overgangar gåande

Oppmerking og skilting av regulerte gangfelt på kommunale hovudvegar/samlevegar.

10.3.3 Kommentar til investeringstiltaka – Sjølvkostprosjekt

I – 56 Avløp - Kjøpmannsgata Bedehuset-parken

Kommunestyret har i møte den 19.06.2014 gjort vedtak med målsetting om utbygging av tekniske anlegg og installasjonar innanfor planperioden 2015-2018.

I – 57 Avløp - avskjerande anlegg Grimstad-Geilane

Prosjektet ligg inne i hovudplan for avløp. Avskjerande leidning vil redusere utsleppa frå private avløpsanlegg til Grimstadvatnet.

I – 58 Avløp – reinseanlegg

Alt avlaup til sjø og ferskvatn skal reinsast ihht. EØS krav. Vi har lagt inn prosjekteringskostnader i 2017 og utbygging i 2017 og 2018.

I – 59 Avløp - sidegrein Hovden-Mork

Leidninga må byggast ut for å kunne ta inn på nye avløpsabonnentar i området.

I – 60 Avløp - vakumvogn (slamsugar)

Vakumvogna skal nyttast til reintsuging av sandfangkumar for å sikre at overvatn ikkje fører til skade på veg/- dreosanlegg og private eigedomar. Kvart år leiger kommunen inn private aktørar til arbeidet.

I – 61 Avløp Røyset

I godkjend hovudplan for avløp ligg første del av avløpsleidning til Røyset byggefelt inne for utbygging i perioden fram til 2018. Avløpsleidning lenger fram er lagt inn etter 2018. Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ om framføring av kommunalt vatn til Røyset har kommunestyret i sak 73/13 bedt administrasjonen utarbeide sak for politisk handsaming. Prosjektet var lagt inn i H-plan for 2013-2016 med ei investering i 2016 på kr. 1,5 mill. og i 2017 kr. 3,5 mill.

I – 62 Fornyng / rehabilitering avløpsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte avløpsnett og kummar.

Separere kloakk i Hovlidvegen.

Separere fellesleidning for overvatn og spillvatn i vestenden av Hovlidvegen, ca. 120 lm

I – 63 Fornyng / rehabilitering vassleidningsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte leidningsnett og kummar.

Kloakkpumpestasjon ved Godsterminalen

Byte ut eks. defekte minipumpestasjon i området.

I – 64 Kloakkpumpestasjon ved Godsterminalen

Ny minipumpestasjon Ytre Hareid (v/fryseriet)

Byte ut eks. defekte minipumpestasjon i området.

I – 65 Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet

Lekkasje gjennom demninga gjer det naudsynt med ny inntaksleidning. Prosjektet var opphavsleg på budsjettet for 2014, men er frå rådmannen si side føreslege utsett til 2016.

Vassforsyning Røyset - 1. byggesteg

I – 66 Vassforsyning Røyset

Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ om framføring av kommunalt vatn til Røyset har kommunestyret i sak 73/13 bedt administrasjonen utarbeide sak for politisk handsaming. Prosjektet var lagt inn i H-plan for 2013-2016 med ei investering i 2016 på kr. 1,5 mill. og i 2017 kr. 3,5 mill.

I – 67 Vatn - Kjøpmannsgata Bedehuset-parken

Kommunestyret har i møte den 19.06.2014 gjort vedtak med målsetting om utbygging av tekniske anlegg og installasjonar innanfor planperioden 2015-2018.

10.4 Overordna målsettingar

10.4.1 Hovudmål

- Yte gode tenester med dei resursane vi rår over
- Bygge ut ein god infrastruktur
- Sikre god og trygg vassforsyning
- Gjennomføre tiltak i samsvar med godkjend hovudplan for avløp.
- Yte godt vedlikehald av dei kommunale vegane innanfor vedtekne økonomiske rammer
- Eininga skal sjå til at Hareid hamn vert forsvarleg drifta
- Forvalte kommunen sine eigedommar på ein forsvarleg måte, og syte for at bygningsmassen til kommunen har ein best mulig standard, innanfor disponible økonomiske rammer
- Ha fokus på at dei kommunale bygningane er trygge og forsvarlege for brukarane, og at bygningane får eit godt vedlikehald

10.4.2 Utviklingsmål

- Kommunale avløpsanlegg skal planleggast, byggast og driftast med fagkunnskap
- Revidere trafikktryggingsplan og gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram
- Kvalitetssikring av vassforsyning
- Revidere avløpsplan i perioden 2015-2018
- Gjennomføre tiltak i samsvar med overordna miljøkrav
- Gjennomføre krav til internkontrollsystem for vatn og avløp (IKS), HMS
- Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehald
- Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grøntvedlikehald
- Ha gode rutinar for ettersyn/ vedlikehald og rapportering
- Ha eit løpande vedlikehald, reinhaldsrutinar og kontinuerlig oppsyn med utleigeobjekt
- Utarbeide ein 4-årsplan for bygningsmassen for vedlikehald
- Ha fokus på tiltak som kan gi lågare energikostnader
- Ansvar for at vedlikehaldsarbeid som treng investeringsmidlar vert rapportert inn til rådmann / kommunestyre via kommunalsjef

STYRINGSKORT SEKTOR FOR KOMMUNALTEKNISK DRIFT		
	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar:		
Andel av befolkninga tilknytt kommunal avløpsteneste	85,8	87
Andel av befolkninga som er tilknytt kommunal vassforsyning	83,9	85
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100%
Nærværprosent medarbeidarar	7,94%	7,3%
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0%	0%
Kommunal eigedom / bygg	Status	Mål
Resultatmål	2015	2016
Prioriterte målsettingar:		
Godt vedlikehald av bygningsmassen	-	-
e-fokus og energioppfølging	-	-

Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidersamtalar	100%	100%
Nærværprosent medarbeidarar	7,94%	7,3%
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	? %	100%



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf. +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no